

Brannokumentasjon for Øygarden kommune 2023



21.12.2023

Øygarden brann og redning



Innhald

1.0 Innleiing	5
2.0 Samandrag.....	6
3.0 Sentrale styrande dokument, lover, forskrifter o.a.	7
3.1 Tidlegare organisering og endring.	7
3.2 Årsplan	7
3.3 Lover og forskrifter.....	7
3.4 Særskilt om brann- og redningsvesenforskriften.....	7
3.5 Stortingsmelding nr. 35 (2010)	8
4.0 Metode for branndokumentasjon	9
4.1 Krav til branndokumentasjon.....	9
4.2 Gjennomføring	9
4.3 Utvikling av brann- og redningstenesta	9
4.4 Generelt om dimensjonering av brann- og redningstenesta.....	9
4.5 Utviklingstrekk i samfunnet	10
4.6 Mogleighetsstudie brannstasjonsløyning Øygarden nord.....	11
4.7 Særskilt samarbeid med Equinor - Kollsnes/Sture.....	11
5.0 Risiko og sårbarheitsanalyse for Øygarden brann og redning (kortversjon)	13
5.1 Innleiing.....	13
5.2 Metode og intensjon.....	13
5.3 Gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).....	13
5.3.1 Definisjonar og omgrep.....	13
5.3.2 Vurdering av risiko, og oppsummering ROS-arbeid.....	15
5.4 Førebyggjande – ROS, og analyse	15
5.4.1 Oppgåver for førebyggjande avdeling	15
5.4.2 Førebyggjande forskrift.....	15
5.4.3 Vurdering av risikoområde.....	16
5.4.4 Førebyggjande analyse og tilråding	16
5.5 Beredskap – ROS, og analyse.	18
5.5.1 Oppgåver for beredskapsavdeling	18
5.5.2 Vurdering av dei største risikoområda.....	19
5.5.3 Beredskapsanalyse og tilråding.....	21
5.6 Administrativ vurdering	23
5.6.1 Innleiing.....	23
5.6.2 Oppgåver for administrasjonsavdelinga	23
5.6.3 Konsekvensvurdering og tilråding.....	23

6.0 Dimensjonering av Øygarden brann og redning (ØBR).....	25
6.1 Kort om historikk.....	25
6.2 Administrering og organisering.....	25
6.2.1 Oppgåve- og arbeidsgjevaransvar.....	25
6.2.2 Arbeidsavtale, stillings- og funksjonsomtalar og arbeidsplan.....	25
6.2.3 Internkontroll, planverk og rapportering.....	26
6.2.4 Køyretøy, båtar, utstyr og materiell.....	26
6.3. Grunnlagsdata.....	26
6.3.1 Innleiing, og framtidig planverk og infrastruktur.....	26
6.3.2 Folketal og tettstader i Øygarden kommune.....	27
6.3.3 Særskilde objekter og områder.....	29
6.3.4 Fyringsanlegg.....	30
6.4 Administrasjonsavdeling, og leiing av ØBR.....	30
6.4.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av administrative tilhøve.....	30
6.4.2 Leiing av ØBR.....	30
6.4.3 Organisering av administrasjonsavdelinga.....	30
6.4.4 Kompetanse og materiell.....	31
6.5 Beredskapsavdeling.....	31
6.5.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av beredskapen.....	31
6.5.2 Særskilde risikotilhøve – auka krav til materiell, kompetanse og vakt.....	31
6.5.3 Organisering av beredskapsavdelinga.....	31
6.5.4 Aksjonsleiing og vaktordningar.....	32
6.5.5 Utrusting av beredskapen.....	35
6.5.6 Drift og vedlikehald.....	35
6.5.7 Kompetanse og øving.....	35
6.5.8 Akutt forureining/uhell med farleg gods.....	36
6.5.9 Røyk- og kjemikaliedykking.....	36
6.5.10 Maritim beredskap og overflateredning.....	36
6.5.11 Brann- og redningsdistrikter og oppsett.....	36
6.6 Førebyggjande avdeling.....	38
6.6.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av førebyggjande arbeid.....	38
6.6.2 Særskilde tilhøve.....	38
6.6.3 Organisering av førebyggjande avdeling.....	38
6.6.4 Kompetanse, kurs og opplæring.....	39
6.6.5 Køyretøy, utstyr og materiell.....	39
7.0 Finansielt opplegg.....	39
8.0 Andre samarbeidspartar.....	39
8.1 Interkommunalt utval mot forureining (IUA).....	39

8.2 Siviltforsvaret.....	39
8.3 Vest brann- og redningsregion (VBR).....	40
8.4 Equinor	40
9.0 Brann- og redningssjefen sine tilrådingar	41
9.1 Innleiande kommentarar	41
9.2 Tilrådingar	42
10.0 Implementering av tiltak med økonomisk effekt.....	43
11.0 Oppsummering.....	44
12.0 Saksbehandling, vedtak og endringar	45
12.1 Kommunestyret i Øygarden kommune.....	45
12.2 Endringar av ikkje-prinsipiell karakter	45
12.3 Endringar av prinsipiell karakter	45
Bakgrunnsdokument – forarbeider (ikkje vedlagt)	46
A Organisasjonskart for Øygarden brann og redning	46
B Tabell og kart for utrykkingstid og distrikter	46
C Beredskapsavdelinga.....	46
C.1 risiko- og sårbarhetsanalyse	46
C.2 beredskapsanalyse.....	46
D Førebyggjande avdeling.....	46
D.1 risiko- og sårbarhetsanalyse	46
D.2 førebyggjande analyse.....	46

1.0 Innleiing

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 §§ 9 -10 krev at alle kommunar dokumenterer korleis kommunane tek i vare sitt ansvar.

Branndokumentasjonen skal vise organisering og bemanning av brann- og redningstenesta, slik at tenesta er i samsvar med dei oppgåver Øygarden brann og redning er tildelt, og § 11 i brann- og eksplosjonsvernloven. Dimensjoneringa skal og vere basert på ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Branndokumentasjonen inneheld ein komprimert versjon av ein brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarheitsanalyse, som er eit sentralt underlagsdokument. Ny Forskrift av 21. september 2021 nr. 2755 om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og

nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften) trådt i kraft 1. mars 2022. I arbeidet med revisjon av denne branndokumentasjonen har vi difor kort teke med omtale av denne. Det er få endringer i den nye forskrifta, som vil påverke dimensjonering av brann- og redningstenesta i Øygarden kommune. Arbeidet med revisjon av branndokumentasjonen frå 2017 var i hovudsak gjennomført i 2021. Etter høyringsinnspel og andre viktige tilhøve vart slutføringa gjennomført i 2022. Kommuenstyret godkjende i mars 2023 eit utvida samarbeid med Equinor Kollsnes/Sture. Endringane som dette medfører er også lagt inn i branndokumentasjonen.

Denne branndokumentasjon har og eit kapittel om implementering av nye tiltak, som gjev eit oversyn over tiltaka, tid for implementering, og ein tentativ kostnad.

Øygarden kommune skal vere «-eit fyrårn i vest». Dette må også gjelde for brann- og redningstenesta, og for å vere eit «fyrårn», som nokon skal sjå til, treng brann- og redningstenesta ei særleg oppgradering innan vaktberedskap, mens den førebyggjande tenesta er godt og riktig dimensjonert. Om brann- og redningstenesta skal gjere andre oppgåver enn dei som ligg inne i det aktuelle lov- og forskriftsverk, skal tenesta tilførast ekstra ressursar.



2.0 Samandrag

Regionen har over mange år vore prega av høg aktivitet innan t.d. olje- og gassnæringa, og med oppbygging av region- og kommunesenter. Det pågår ei fortetting, som særleg gjeld Straume Kystby, men det er også vekst i andre kommunedelsenter, som m.a. Ågotnes, Skogsskiftet og Rong. Mindre tettstadar veks saman til større tettstadar. Det er t.d. utbyggingsplanar omkring kommunedelsenteret i Skogsskiftet, for både næring og bustader.

Nye næringsverksemdar vert etablert og fleire store prosjekt vil over nokre år medverke til styrking av Øygarden kommune, som ein god kommune å både bu og etablere seg i. Eit døme er Northern Light-prosjekt, som er starta, og er i nær tilknytning til Naturgassparken i nordre del av kommunen. Eit anna døme er etablering av ein stor kontainerhamn. Nytt fastlandssamband er vedteke og vil gje betre vegtilhøve inn mot Bergen.

Det er særleg interessant å sjå at det no vert eit tett samarbeid med Equinor, der etablering av ein dagkasernert modell vert innført, og der sambruk av kompetanse vil gje synergieffekt. Equinor er ein stor og tung aktør i regionen. Øygarden brann og redning (ØBR) har i samarbeid med den lokale leiinga ved Kollsnes/Sture-anlegga utforma ei avtale om tettare og formalisert samarbeid. Følgjer av dette samarbeidet er innarbeidd i beredskapsavdelinga si dimensjonering.

Brannokumentasjonen har vore utarbeidd av ØBR, supplerte med representantar frå eining for Tryggleik i Øygarden kommune.

Vi omtaler i denne brannokumentasjonen oppbygging av heile brann- og redningstenesta; avdelingar, vakt- og stasjonsstruktur, bemanning m.m.

Brann- og redningstenesta arbeider for å sikre liv, helse, verdiar og miljø, og må for dette ha adekvat bemanning og infrastruktur. Denne brannokumentasjonen er basert på ei risiko- og sårbarhetsanalyse inkludert beredskapsanalyse, førebyggjande analyse, og krav i relevante lover og forskrifter. I tillegg er lokale tilhøve teken med i vurderingane.

Brannokumentasjonen skal leggst fram for vedtak i kommunestyret. I kapittel 10.0 Implementering av tiltak, er det laga ein plan for når nye tiltak er føreslege innført. Det er også estimert kostnad for tiltaka.

Tiltaka er i stor grad ei vidareføring at tiltak som vart vedteke i førre brannokumentasjon, men er oppdatert.

Ser vi på brannokumentasjon frå 2017 var intensjonen at alle tiltaka no skulle vore gjennomført. Her ligg vi etter, og den reviderte brannokumentasjonen forsterkar berre dette behovet. Døme er etablering av dagkasernert styrke på Ågotnes og maskinell høgdeberdskap. Vi har teke med utskiftingsbehov for bilar, kor særleg høgdereskaper har ein sentral rolle og vert sett i samanhang med etablering av dagkasernert styrke for å kunne oppretthalde høg kompetanse i bruk.

ØBR har ein kompetent og godt bemanna førebyggjande avdeling, og møter nye utfordringar i det førebyggjande arbeidet i takt med endringar i samfunnet kva gjeld befolkninga sin demografi, bustadmønster og typar, fortetting av tettstader og ny næringsverksemd.

Ein må sjå på brannokumentasjonen som eit dynamisk dokument, og det bør leggst opp til jamleg revisjon, for å sikre at dokumentet er oppdatert til ei kvar tid. Når kommunestyret har vedteke brannokumentasjonen, vert den sendt som orientering til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

3.0 Sentrale styrande dokument, lover, forskrifter o.a.

3.1 Tidlegare organisering og endring.

Heile tida då arbeidet med revisjon av brannokumentasjon pågjekk, var Øygarden brann og redning (ØBR) organisert som eit kommunalt føretak. Til grunn i revisjon av brannokumentasjonen, ligg difor opphavleg vedtekter og driftsavtale. Vedtektene regulerer den formelle overbygginga og klårgjer formål og oppgåver, samansetting av styre og oppgåver for det, o.a. Driftsavtalen er meir konkret og seier noko om tenesteproduksjon, økonomi, støttetene m.m.

I desember 2022 vedtok kommunestyret å avvikle Øygarden brann og redning KF. Dette betyr at vedtekter og driftsavtale ikkje vil gjelde lenger når føretaket er formelt avvikla.

Dei brann- og redningstekniske vurderingane og tilrådingane er ikkje kopla mot kva form for organisering ØBR har.

3.2 Årsplan

Øygarden brann og redning skal utarbeide ein årsplan. Den skal fungere som ein overordna driftsplan for brann- og redningstenesta. Planen har kort til mellom lang tidshorisont. Typisk 1 – 4 år.

3.3 Lover og forskrifter

- Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (Brann- og eksplosjonsvernlova)
- Forskrift av 15. september 2021 om organisering, bemanning og utrusning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften)
- Forskrift av 17. desember 2015 om brannforebygging

3.4 Særskilt om brann- og redningsvesenforskriften

Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentraler (brann- og redningsvesenforskriften) trådte i kraft 01.03.2022, og erstatter tidlegare forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen. Den har få endringer, som får innverknad på Øygarden brann og redning. Nye punkt i forskriften er krav om gjennomføring av beredskapsanalyse og førebyggjande analyse. Slike analysar er teken med i arbeidet med ny brannokumentasjon for Øygarden kommune. Omgrepet innsatstid er erstatta av utrykkingstid. Innsatstid har tidlegare vore definert som tida frå ein alarm går, og til brann- og redningsteneste er i arbeid på ein brann- og/eller skadestad. No har ein endra dette til utrykkingstid, og det er tida frå alarm, til brann- og redningstenesta er på brann- og/eller skadestaden. Forskriften opnar også for større fridom i kven som skal inngå i overordna vakt, men det er framleis klåre kompetansekrav.

Sentralt i forskriften er krav til bemanning utifrå tal på innbyggjarar i kommunen og tettstader. Dette gjev føringar på tal på årsverk og nivå på vakt. Imidlertid må ein vere merksam på at det i tillegg skal gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse, som kan påvise eit behov for både bemanning og vaktnivå, som er høgare enn minimumskrava, som er omtalt i forskrifta. Dette er tilfelle for Øygarden kommune, og gjeld i særleg grad beredskapsnivået ved stasjonane våre.

Sidan forskriften ikkje får direkte følgjer for organisering av Øygarden brann og redning, vert det ikkje lagt mykje tid ned i å gjere greie for innhaldet.

3.5 Stortingsmelding nr. 35 (2010)

Regjeringa har i Stortingsmelding nr. 35 i 2010 - Brannsikkerhet, fastsett 5 strategiske mål for arbeid med brannvern i Norge. Sjølv om meldinga etter kvart er blitt 13 år, så er dei strategiske måla framleis relevante.

I oversikta under er aktuelle tiltak for de ulike punkta lista opp.

1. Færre omkomne og skadde i brann	<ul style="list-style-type: none"> ○ Tettare samarbeid med kommunen om førebyggjande brannvern for risikoutsatte grupper. ○ Meir heimebesøk med fokus på brannførebygging i bustader. ○ Meir bruk av ulike informasjonskanalar med førebyggjande tema ○ Fokus på haldningsskapane arbeid blant barn og unge.
2. Unngå tap av uerstattelige kulturhistoriske verdier	<ul style="list-style-type: none"> ○ Følgje tett opp det førebyggjande arbeidet i objekter som er eller inneheld kulturhistoriske verdier ○ Lage objekt og innsatsplanar for objekt som er eller inneheld kulturhistoriske verdier
3. Unngå branner som lammer kritiske samfunnsfunksjoner	<ul style="list-style-type: none"> ○ Definere og kartlegge bygg og installasjonar, som er samfunnskritiske ○ Lage objektplanar for aktuelle objekter der brann kan lamme kritiske samfunnsfunksjonar ○ Gjennomføre tilsyn eller andre tiltak, i objekter kor ein brann kan lamme samfunnskritiske funksjonar
4. Styrket beredskap og håndteringsevne, også for andre ulykker enn brann	<ul style="list-style-type: none"> ○ Sikre tilgang til, eller sjølv disponere, materiell som gjer oss i stand til effektiv innsats i heile kommunen ○ Sikre tilgang til personell med CBRNe-kompetanse for uhell med farleg stoff ○ Kartlegge områder med tilgang til sløkkjevotn og definere område kor sløkkjevotn må bringast med. ○ Råde over eller sikre tilgang til maskinelt materiell for arbeid i høgder ○ Sikre tilstrekkeleg personell på vakt til ei kvar tid. Inkludert fullt kasernert dagvaktlag ved hovudstasjonen. ○ Tilføre eigna kjøretøy ved Skogsskiftet brannstasjon for rask framkomst ved t.d. førstehjelpsoppdrag
5. Mindre tap av materielle verdier	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennomføre tilsyn i objekter, som har eller utgjer, store verdier. ○ Rå over eigna reiskap for ulike innsatsar. T.d. høgdereiskap for arbeid i høgda eller med store bygg.

4.0 Metode for brannokumentasjon

4.1 Krav til brannokumentasjon

Brannokumentasjonen skal vise korleis kommunane tek i vare sine forplikingar jf. brann- og eksplosjonsvernloven §§ 9 og 10.

Denne brannokumentasjonen er utarbeidd av Øygarden brann og redning. Framlegget til brannokumentasjon er basert på m.a. omfattande brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse, beredskapsanalyse og førebyggjande analyse.

4.2 Gjennomføring

Arbeidet med ny brannokumentasjonen har vore organisert som eit prosjekt med styret, som styringsgruppe. Det vart etablert ei prosjektgruppe og tre faggrupper. Styret godkjente eit mandat for prosjektgruppa og dei tre faggruppene fekk sine respektive oppdragsordre. Brann- og redningssjefen har vore ansvarleg for å utarbeide dokumentet. Det er også trekt inn ressurspersonar frå eining for Tryggleik i Øygarden kommune. Brannokumentasjonen vart sendt til høyring hos arbeidstakarorganisasjonar, verneombod og kommunedirektør. Brannokumentasjonen går til kommunestyret for vedtak.

4.3 Utvikling av brann- og redningstenesta

Statistiske data viser at brann- og redningstenesta rykker ut og støtter lokalsamfunnet, innan ei rekkje områder. Utrykking til reine brannar er i reduksjon. Endring i klimatiske tilhøve kan sjå ut til å gje andre utfordringar som ei brann- og redningsteneste må handtere. For vår region er nok meir nedbør og vind, noko som kan gje oss andre oppdrag som t.d. trefall over vegar, vatn i kjellarar, tak som vert riven av, og liknande. Av andre kategoriar, som peiker seg ut, er utkall til helserelevante oppgåver. Her ligg vår region høgt, relativt sett, med klar fordeling til Øygarden sør og Øygarden nord, når det gjeld kor utkalla gjeld.

Kjøretøyparken er også i endring. Frå tidlegare berre å ha vore knytt opp mot reine forbrenningsmotorar som bensin og diesel (og eit lite innslag av naturgass), er nå elbilar daglegdags. Dette gjev brann- og redningstenesta andre innsatsfaktorar. Etterkvart kjem kanskje også andre driftsformar som hydrogen på banen, men eldrivne kjøretøy i fleirtal. Likevel vil kjøretøy driven av bensin og diesel (gjerne med innblanding av etanol/biodiesel) vere i fleirtal i lang tid framover. Det ser ikkje ut til at vår region vil få skinnegåande trafikk i nær framtid.

Vårt skrinne jordsmonn, gjev oss ei utfordring om snøfattige vintre vert hovudregelen. Med vind tørkar det raskt opp før nytt gras kjem fram. Sjølv med relativt låg temperatur, høg luftfuktighet og en del nedbør, gjer dette oss sårbare for utmarksbrannar. Det er eit betimeleg spørsmål å stille; at det framleis (i delar av kommunen) skal vere lov med eiga brenning av kvistar og greinar frå hagen, utan strengare reguleringar.

4.4 Generelt om dimensjonering av brann- og redningstenesta

Brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter (førebyggjande forskrift og brann- og redningsvesensforskriften) legg klare føringar på minstenivå på ressursane.

Døme på slike føringar er krav til beredskap for tettstader utifrå tal på innbyggjarar. I tillegg må ein leggje til grunn lokal risiko- og sårbarhetsanalyse og ev. lokale satsingsområder utover krav i lov og forskrift.

Vi legg difor følgjande til grunn ved utarbeiding av brannokumentasjon for regionen.

- Brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter
- Brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for regionen
- Oppgåver som kom fram i vedteker og driftsavtale for Øygarden brann og redning KF, og som er relevante også i ny organisasjonsform som kommunal eining.
- Beredskaps- og førebyggjande analyser

Dersom kommunen etter kartlegging av risiko (ROS-analysen), avdekker tilhøve som ikkje kan ivaretakast gjennom forskriftens minstekrav, særskilde brannførebyggjande tiltak og samarbeidsavtaler mv., skal brann- og redningstenesta tilførast ytterlegare ressursar.

- 1) Standard brannrisiko: Brannar i objekter i kommunen som oppfyller det branntekniske sikkerhetsnivået iht aktuelt lovverk og forskrifter
- 2) Kartlagt risiko som er høgare enn standard brannrisiko: Objekter eller områder i kommunane som gir større enn normal fare for tap av menneskeliv, store økonomiske verdiar, kulturelle verdiar eller andre høve som er av samfunnsmessig stor avgjerd.

4.5 Utviklingstrekk i samfunnet

Det skjer ein fortetting. Auka sentralisering og etablering av tettstader og kystby, er eit resultat av ønskjer og behov for både eldre og yngre generasjonar.

Store og høge leileghetsbygg skyt opp fleire stader. I Øygarden gjeld dette særleg i Straume Kystby, men t.d. på Rong vert det no oppført bustader i lavblokkbygg. Vi har også høgare leileghetsbygg på Ågotnes og store utbyggingsplaner for både bustader og næring i same område. Også i Skogsskiftet er det planer om større utbygging av både bustader og næring. Fellestrekk er fleire bustadblokkar.

Dette gjev brann- og redningstenesta nye utfordringar til sløkking i tettbygde områder og i høgda, samt potensielt også redning i høgda. Brann- og redningstenesta må difor sikrast tilgong til høgdereiskap innan kort tid. Sjå elles beredskapsanalyse for bruken av høgdereiskap. I praksis tilseier dette å investere i, og drifte, eit reiskap sjølv. Slike køyretøy krev spesialisert kunnskap og meir trening i bruk.

Auka fortetting gjer beredskapsarbeidet meir utfordrande.

Det vert fleire eldre, og berre dei svakaste bur på sjukeheimar. Fleire bu- og servicesenter og seniorbustader. Kva med rømming i tilfelle brann? Også andre svakare grupper må takast med i det viktige førebyggjande arbeidet; rusmisbrukarar, fysisk funksjonshemma, arbeidsinnvandrarar og innvandrarar frå land med særskilte kultur, er alle døme på sårbare grupper.

Mange har store forventningar, til at storsamfunnet, og då særleg kommunen, har ressursar og planverk for nær sagt alle tenkjelege (og utenkjelege) situasjonar som kan oppstå. Kva kan ein eigentleg forventa at kommunen skal bidra med, og kva for krav er legitime å stille til den einskilde privatperson? Kanskje går samfunnet i retning av mindre sjølvstende, og større forventningar om at det offentlege skal kome å ordne opp ved uventa hendingar?

Ei brann- og redningsteneste som vår, er i stor grad avhengig av deltidstilsette, men Øygarden kommune er blitt ein ganske stor kommune, som nærmar seg 40 000 innbyggjarar. Ettersom den økonomiske situasjonen er bra for dei fleste, vernar vi meir og meir om vår fritid. Dette har kome naturleg, som følgje av at vi er økonomiske betre stilt. Dette kan då igjen vere ei utfordring for å rekruttere deltidstilsette. Det er ikkje alltid slik at ein no har behov for ei ekstraintekt, som ein deltidsstilling gir.

Ein ser dette opp mot avgrensing i kva ein vil bruke fritida til. Vaktordningar påverkar også familiesituasjonen. Arbeidsmarknaden er og slik at mange har lang reiseveg til arbeid, og difor er ekskludert frå deltidstilling som krev vakt på dagtid.

Nye utdanningskrav for tilsette i beredskapstenesta vil kunne gjere det både enklare og vanskelegare. Enklare fordi det no skal bli fagskuleutdanning over to år for brannkonstablar, og ein dermed kan tilsette ein ferdig utdanna brannkonstabel. Vanskelegare fordi ein vel neppe kan forventa at nokon tek ein slik utdanning på heiltid over to år, berre for ei lita deltidstilting? Dette kan igjen føre til rekrutteringsproblemer for brann- og redningstenester, som skal rekruttere lokalt i småkommunar, om ein ikkje finn alternative løysingar for krav til opplæring for deltidstilsette.

Øygarden brann og redning vil i løpet av få år dekkje ein region meir enn 40 000 innbyggjarar. Slik storleik fører også til at kommunen må sikre adekvate beredskaps- og førebyggjande ressursar, sjølv om kostnaden kan auke. Førebyggjande analyse viser at vår forebyggjande avdeling allereie er godt samansett både med omsyn kompetanse og personellressursar. Når tettstader veks saman aukar også krav til beredskapsnivå. Øygarden kommune kan om relativt få år, stå overfor ein tettstad som i sum vil ha 20 000 innbyggjarar, som strekk seg frå Hjelteryggen til Møvik, til Ågotnes og Sekkingstad. Då kjem det inn eit direkte krav om døgnkasernert beredskap. Ein slik tettstad vil strekkje seg langt, og med eit krav til 20 minuttars utrykkingstid som grense, vert dette ei lokasjonsmessig utfordring. Brann- og redningstenesta i Øygarden vil difor gå i ein naturleg retning av eit større innslag av heiltidstilsett personell. Beredskapsordningar vil då spenne frå deltidstilsett i fast dreiande vakt, via dagkasernering til truleg døgnkasernering over noko tid. Særleg vert etablering av dagkasernert ordning sett på som positivt, med fleire heiltidstilsette som vil styrke fagmiljøet.

4.6 Moglegheitsstudie brannstasjonsløyning Øygarden nord

Ei moglegheitsstudie for ny brannstasjonsløyning Nord – Dalsneset brannstasjon, er ei premissgjevar for å sjå på bruken av eksisterande lokalitetar. Med etablering av ein hydrogen-pilot vis-a-vis eksisterande brannstasjon, og ei mogleg utviding til fullskalanalegg, er ein brannstasjon lokalisert slik noverande stasjon i Øygarden nord ligg, eit døme på uheldig samlokalisering. Relokalisering av stasjonen er eit openbart behov. Vurderingane vert til ei viss grad å sjå i samanheng med kap. 4.7. Dagens stasjon er heller ikkje tilfredsstillande i omfang og utforming i forhold til ØBR sitt behov eller krava til rein/skitten-sonedeling, eller plass for å ha alle kjørtøya i same bygg.

Det er på plass ei særskild avtale mellom ØBR og Equinor, og tida ut 2024 skal nyttast for å avklare om den valde dagkasernerte løysinga er tilstrekkeleg, eller om det vert behov for å endre modellen.

4.7 Særskilt samarbeid med Equinor - Kollsnes/Sture

Ei arbeidsgruppe med medlem frå både Øygarden brann og redning, og Equinor Kollsnes/Sture har over lengre tid arbeidd med å sjå på moglegheit for tettare, formalisert, samarbeid mellom den kommunale brann- og redningstenesta, og industriverket ved dei to gass- og oljeanlegga i kommunen.

Eigen avtale (godkjent av partane i mars 2023) regulerer dette samarbeid, og endringar for vaktordningar er fletta inn i beredskapen for Øygarden kommune – nord.

Vald modell er denne:

Lokasjon brannstasjonen på Kollsnes.

Det vert oppretta eit vaktlag på dagtid beståande av heiltidstilsette. Det skal vere fem, 5, stillinger knytt til denne ordninga, med ei normal minstedagbemanning på fire, 4, personar. Dette kan fråvikast om aktivitetstilhøva ved Kollsnes/Sture gjev rom for dette. Merk likvel at ein ikkje skal gå lengre ned ein to personar, slik at desse to saman med dei to på vakt ved Dalsneset brannstasjon i sum ugjer fire, 4, personar. ØBR tilsett fire personar og Equinor stiller med den siste av 5-personars laget. Merk at også personen frå Equinor skal ha eit tilsettingstilhøve hjå ØBR, då som deltidstilsett.

Dette fordi ei utrykking på dagtid også inkluderar den personen på laget, som er heiltidstilsette hos Equinor. Vedkomande vil ved eit utkall på dagtid vere inkludert i ØBR sin innsatsstyrke også utanfor Kollsnes prosessanlegg, og Stureterminalen. Han/ho skal følgje dei same krav til øvning/utdanning/helse, som for andre deltidstilsette ved ØBR.

Innanfor avtalt arbeidstid vil denne gruppa ta i vare ei rekkje oppgåver innanfor dei to anlegga, men vil rykkje ut på utkall som gjeld Øygarden-Nord. Anten det er innanfor anlegga sine områder, eller utanfor.

Lokasjon Dalsneset brannstasjon

Det vert vakt for to deltidstilsette i døgnavakt. Ein utrykkingsleiar og ein brannkonstabel. I tillegg vert det vakt for ein brannkonstabel i fritidsvakt.

Oppsummering

På dagtid vil altså vaktlaget normalt bestå av 4(5) + 2 personar; 4(5) med utrykking frå Kollsnes/Sture, og 2 med utrykking frå Dalsneset. Utanom definert arbeidstid, består beredskapen av 3 personars lag i 4-delt dreiande vakt for deltidspersonell. Her vert det altså ingen endring. Sjå imidlertid fråviksmoglegheit under *Lokasjon brannstasjon på Kollsnes*.

Implementering

Det vert laga ei framdriftsplan for implementering av ordninga, som venteleg vil vere i drift ilt siste kvartal 2023.

Varigheit

Avtala gjeld for fem, 5, år, med opsjon på tre, 3, år.

5.0 Risiko og sårbarhetsanalyse for Øygarden brann og redning (kortversjon)


5.1 Innleiing

For å kartlegga kva potensielle hendingar brann- og redningstenesta må førebyggje og ha beredskap for, er det utarbeidd ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Analysen er delt i ulike delar der kapittel 5.4 er for førebyggjande, kapittel 5.5 er for beredskap og kapittel 5.6 tar for seg dei administrative oppgåvene.

5.2 Metode og intensjon

Ein risikoanalyse er ein systematisk metode for å kartlegge risiko. Den blir utført ved å kartlegge uønska hendingar, årsaka til og konsekvensane av desse. Derneft reknar ein ut risikoen som eit produkt av sannsyn og konsekvens.

Prosjektgruppa har brukt statistikk, andre analyser, og erfaring til å finna aktuelle uønska hendingar. Videre har ein analysert sannsyn og konsekvens for å finna risikoen knytt til kvar enkelt hending.



Intensjonen er å bruka analyse for å sikra at brann- og redningstenesta er best mogleg innretta for å førebyggja ulykker og brannar før dei oppstår, og handtera desse når dei har oppstått.

5.3 Gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

5.3.1 Definisjonar og omgrep

Uønska hending, er her definert som hendingar som kan representere fare for

- menneske, dyr, miljø og økonomiske verdiar
- samfunnsviktige funksjonar
- viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg
- det respektive brannvesen sin evne til å oppretthalde drift, og derav ivareta kommunane sine plikter etter brann- og eksplosjonsvernloven.

Redning er i hovudsak knytt til redning av mennesker frå død eller skade, men det blir også i mange tilfelle inkludert dyr i dette begrepet.

Sårbarhet er eit system sin evne til å oppretthalde funksjon når det er utsett for påkjenningar. Dette kan t.d. vere evne til å handtere samanfallande hendingar.

Ulukker blir i denne samanheng teken med for dei hendingar der ØBR kan tenkast å ha ei rolle. T.d. ved trafikkulukker, fall, arbeidsulykker mv

Sannsynlegheit, S, er eit uttrykk for mogleghet for at brann, ulukke eller annan hending skal inntreffe.

Konsekvens, K, er eit uttrykk for skadeverknader dersom brann, ulukke eller annan hending skulle inntreffe.

Risiko, R, er eit produkt av sannsynlegheit og konsekvens: $R = S \times K$

Risikomatrisen gir eit bilde av kva uønska hendingar som vert vurdert som mest alvorlege, og der det er størst behov for tiltak:

- for analyseobjekter som er vurdert til å ende i raud sektor anbefaler gruppa at det **må** tilføres risikoreducerande tiltak.
- for analyseobjekter i gul sektor anbefaler gruppa at tiltak **bør** vurderast.
- for analyseobjekter som ender i grøn sektor **kan** tiltak vurderast, men der ein i utgangspunktet ikkje vurderar det som eit behov.

RISIKO (S x K)		Konsekvens				
		K 1	K 2	K 3	K 4	K 5
Sannsynlegheit	S 5					
	S 4					
	S 3					
	S 2					
	S 1					

Det er også viktig å vere klar over at dei verdiar for sannsynlegheit og konsekvens som vi har nytta, er basert på lokal kunnskap og den erfaring vi har, om kva for hendingar som potensielt kan inntreffe.

Om vi held saman sannsynlegheit og konsekvens vil vi kunne danne oss eit bilete av risikoen som er forbundet med den aktuelle hending som er vurdert. Med basis i kartlagt risiko må ein gjere ein heilskapsvurdering og foreta avvegingar:

- Kva førebyggjande tiltak kan gjerast?
- Kva beredskap kan brann- og redningstenesta etablera?
- Kva for risiko er kommunen villig til å leve med?

Med førebyggjande tiltak meiner vi her tiltak for å minske sannsynlegheiten for ei uønska hending dvs. sette inn tiltak mot sjølve årsaka til hendinga. Med skadeavgransende tiltak meiner vi tiltak for å redusere konsekvensane av ei uønska hending.

5.3.2 Vurdering av risiko, og oppsummering ROS-arbeid

Det er ofte slik at når vi tenkjer på risiko, så legg vi til grunn kva for erfaring vi sjølv har, statistikk og forskjellige undersøkingar. Altså kor ofte ei gitt hending har skjedd. Dette kan medføre at ein har ein tendens til å undervurdere at det kan skje store hendingar som ikkje har skjedd før. Til dømes vil det vere svært lite sannsynleg for at helikopter skal styrta i vår kommune, eller at et militært skip skal kollidere med ein oljetanker. Det er en naturlig menneskelig reaksjon å planlegge for det som vi har erfaring med har skjedd, men ein ser at dette kan medføre at ein ikkje tar inn over seg risikoar som kan skje i framtida. Det er difor viktig å innsjå at ein må vere forebudd på at det kan skje nye store uønska hendingar, som ein ikkje har erfaring med.

Risikovurderinga skal vere eit grunnlag for å prioritera kor mykje ressursar ein skal bruke og korleis ein best mogleg kan bruka desse ressursane.

Risikoanalysen har tatt utgangspunkt i *Håndbok i kartlegging av brannrisiko i kommunene, Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser og NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger*.

Avdelingene har gjennomført risiko- og sårbarhetsanalyser for respektive områder. Her har dei kartlagt risiko. For nokre av områda viser analysane behov for tiltak, og det er så vurdert kva tiltak som kan settast i verk for å redusere risikoen. I denne brannokumentasjon er det berre teken med dei viktigaste funna, men beredskap- og førebyggjande avdelingar har i tillegg meir detaljerte analysar.

5.4 Førebyggjande – ROS, og analyse

5.4.1 Oppgåver for førebyggjande avdeling

- Tilsyn med fyringsanlegg til oppvarming av bygg
- Feiing av fyringsanlegg til oppvarming av bygg
- Informasjon om korrekt fyring og branntryggleik
- Tilsyn med anlegg med farlig stoff
- Tilsyn med utsalsstader for fyrverkeri
- Tilsyn med særskilte brannobjekt
- Sakshandsaming av søknad om sal og oppbevaring av fyrverkeri, krutt, med meir
- Sakshandsaming av søknadar om avfyring av fyrverkeri
- Førebyggjande kampanjar
- Sakshandsaming av bekymringsmeldingar
- Brannførebyggjande informasjonsarbeid
- Førebyggjande prosjekt
- Brannvernundervisning for barn og ungdom
- Brann- og førstehjelpskurs
- Planlegge og utføre førebyggjande tiltak for ulike grupper i samfunnet inkl. risikogrupper
- Sakshandsaming av søknadar om brenning, til dømes lynnbrenning

5.4.2 Førebyggjande forskrift

Forskrifta beskriv kommunen sine førebyggjande plikter og oppgåver. Oppgåvene består av tre hovudoppgåver, risikobaserte tilsyn, tilsyn og feiing av fyringsanlegg og andre førebyggjande tiltak. Alt arbeid skal vere risikobasert og systematisk. Systematikken i det førebyggjande arbeidet tar utgangspunkt i kartlegging, planlegging, utføring og evaluering. Ein skal kartlegge hendingar som kan oppstå i kommunen, herunder kartlegging av ulike risikogrupper i kommunen. Videre er val av planlagde og utførte tiltak basert på utført risikovurdering. Forskrifta beskriv vidare førebyggjande plikter og oppgåver for eigar og brukar av brannobjekt. Generelle aktsemdsreglar for å unngå brann er og beskrive i forskrifta, herunder reglar for å gjere opp eld i utmark.

5.4.3 Vurdering av risikoområde

Avdelinga har kartlagt og vurdert risikoområder i kommunen i ei risikovurdering. Vi har som grunnlag for kartlegginga nytta kommunal ROS frå 2018, brannstatistikk, kjennskap til eigen kommune, samt rapportar og undersøkingar med føringar frå sentrale styresmakter. Kartlegginga av samfunnet viser eit breidd spekter av risikoområder i kommunen. På bakgrunn av risikotal og krav i forskrift har vi vald følgjande satsingsområder for det brannførebyggjande arbeidet; barn, unge og befolkninga generelt, heimebuande eldre, personar med rusutfordringar og flyktningar. Dei tre sistnemnde er å rekne som risikogrupper innan brann. Barn og unge har låg risiko, men er likevel valt som satsingsområde ut frå et førebyggjande perspektiv. Tanken er å skape gode haldningar til branntryggleik blant framtidens vaksne. Barn er også gode ambassadørar for branntryggleiksarbeidet blant vaksne og eldre i eigen familie. Eldre, flyktningar og personar med rusutfordringar har større sannsynlegheit for å bli skadd eller omkomme i brann, enn den øvrige befolkninga. Innbyggartalet i kommunen veks og andelen heimebuande eldre i samfunnet er aukande. Dagens politikk legg opp til at eldre skal bu lengre heime i eigen bustad. Samstundes er bustader oftast råka av brann samanlikna med andre bygningstypar. Flyktningar kjem frå mange ulike land og det er stor variasjon i kultur. Enkelte i gruppa har liten kultur for fokus på branntryggleik, og utfordringar med språk kan gjere at generell bodskap om brannsikring i samfunnet, ikkje når fram. Personar med rusutfordringar har i mange høve lite fokus på eigen branntryggleik, og ikkje fokus på dette i det heile under rus.

Dei fleste brannar oppstår i bustader og det er og her flest omkomne som følge av brann. Hovudsatsinga på det førebyggjande må difor rettast mot bustader og særskilt mot risikogrupper.

Andre risikoområder med høgt risikotal i ROS analysen er forsamlingslokale, særskilte brannobjekt, gassanlegg og andre anlegg med farleg stoff. Her vil mellom anna tilsyn vere eit godt verkemiddel for å auke branntryggleiken. Av særskilte brannobjekt er skular, hotell, bygningar for bufellesskap og industribygg mest utsett for brann.

5.4.4 Førebyggjande analyse og tilråding

Brann- og redningstenesta har utarbeide ein førebyggjandeanalyse på bakgrunn av identifisert risiko i ROS analysen. Den førebyggjandeanalysen definerer kva personell og kompetanse som er nødvendig for å sikre eit tilfredsstillande førebyggjande arbeid. Kommunen sine førebyggjande oppgåver elles, er beskriver i Lov om brannvern og Forskrift om brannforebygging.

Førebyggjande analyse beskriver avdelinga sine førebyggjande oppgåver og utdyper risiko som er avdekket i ROS analysen. Videre beskrivast iverksette tiltak for dei ulike risiki. Med bakgrunn i kartlagde oppgåver og planlagde tiltak er det gjort ei vurdering av nødvendig kompetanse og ressursar på avdelinga.

Ved seksjon for feiing og tilsyn viser kartlegginga eit behov for 6,5 årsverk. Seksjonene er i dag sett opp med 6 årsverk + ev. lærling (seksjonsleiar, feiarinspektør og 4 feiarsveinar). ØBR er lærebedrift i brannførebyggjarfaget og har i skrivande stunde ein lærling. Det er eit tidkrevjande arbeid å kome over alle fritidsbustadane, men vi vel å avvente med å auke talet på årsverk for å sjå an tilstand/manglar/oppfølging, særleg m.o.t. tilsyn med fritidsbusatder



Ikkje alltid enkel tilkomst for feiaren, ØBR

På seksjon for HMS-tilsyn og opplæring visar kartlegginga av oppgåvene eit behov for 4,2 årsverk. Ser vi bort frå dei ikkje lovpålagte oppgåvene er behovet 4 årsverk. Brann- og redningsvesenforskriften, krev minimum 0,1 årsverk pr. 1 000 innbyggjar i kommunen (dvs. 1,0 årsverk per 10 000). Tal frå SSB viser at kommunen veks og vil truleg passere 40 000 ila 2024/2025. Desse betraktningane er basert på omlag tilsvarande aktivitetsnivå som i dag, altså minimumsbemanning etter forskrifta.

Oppgåve	Årsverk førebyggjande avdeling (Basert på ROS og førebyggjande analyse 2021)		
	HMS tilsyn og opplæring	Feiing og tilsyn	Avdelingsleiar
Avdelingsleiing førebyggjande avdeling			1,0
Feiing og fresing av skorsteinar i bustader og fritidsbustader		1,5	
Tilsyn og synfaringar i bustader og fritidsbustader med rapport og oppfølging av tilbakemeldingar		3,6	
§13 tilsyn, tilsyn farleg stoff, fyrverkeri, etc. med rapport og oppfølging av tilbakemeldingar	0,9		
Brannvernopplæring barn og ungdom	0,6		
Førebyggjande prosjekt og kampanjar, tiltak for risikoutsette grupper	1,1		
Administrativt arbeid, ROS-arbeid, VBR deltaking, evalueringar med meir.	1,4	1,4	
Eksterne kurs i brannvern og førstehjelp ¹	0,2		
Årsverk seksjon for HMS tilsyn og opplæring	4,2		
Årsverk seksjon for feiing og tilsyn		6,5	
Årsverk førebyggjande avdeling		11,7	

¹ Ikkje lovpålagt oppgåve

Hovudvekta av dei tilsette på avdelinga har lang erfaring med førebyggjande arbeid og den enkelte tilsette har høg kompetanse. Vi vurderer samla kompetanse på avdelinga, som tilfredsstillande for å handtere dei oppgåver som ligg til avdelinga. Dei fleste tilsette ved avdelinga tilfredsstillar forskriftskrav til utdanning for den enkelte stilling. Dei som ikkje gjer det, inngår i læreløp for formell kvalifikasjon.

Mange av fritidsbustadane ligg på vegløyse områder, på holmar og øyer. Seksjonen har tidlegare berre hatt tilgjengeleg ein liten open båt. Bruken av denne er begrensa av værforhold, spesielt med tanke på bølgehøgder, og det vert difor vurdert som eit behov for ein meir hensiktsmessig og noko større båt. Den eksisterande manglar også plass for m.a. å kunne spise lunsj, godt skilje for reint og skitten utstyr, og toalettfasilitetar. Ny arbeidsbåt for feie- og tilsynstenesta vert etter planen lagt inn for budsjettåret 2024.

Nye bilar vert teken i bruk ila 2023, og har betre skilje mellom rein og skitten sone for tilsota tøy. Seksjonen har då samla sett tre kjøretøy.

Seksjon for HMS-tilsyn og opplæring rår i dag over tre kjøretøy. Seksjonen har stor uteaktivitet som tilsyn, synfaringar, øvingar, heimebesøk, møter, undervisning, kurs med meir.

5.5 Beredskap – ROS, og analyse.

5.5.1 Oppgåver for beredskapsavdeling

Avdelinga rår i løpet av 2023 over: sju heiltidstilsette (kor fire tilsette er ved den dagkasernerte styrken i samarbeid med Equinor), tre brannstasjonar med om lag 60 deltidsmannskap med frå 4.2 % - 12,6 %- stillingar, 3 mannskapsbilar, 2 tankbilar, to båtar, 2 førsteinnsatskjøretøy, to varebilar, innsatsleiarbil, m.m. I tillegg har vi ein brann- og redningsavtale for område der vi ikkje har eigen stasjon/beredskap.

Avdelinga har fylgjande kjerneoppgåver/kompetansar:

- Tradisjonell brannbekjemping der røykdykking er ein kjernekompetanse
- Akutthjelparteneste der livreddande og skadebegrensande tiltak er ein kjernekompetanse
- Båt/overflatereddarteneste der livredning på sjå/vatn heile året er ein kjernekompetanse
- Innsats ved trafikkulykker der livreddande tiltak og bilberging er kjernekompetanse
- Restverdiredding der verdiendring i forskjellige settingar (brann, naturhendingar osv) er ein kjernekompetanse
- Innsats ved akutt-forureining. Kunnskap om miljøpåverknad og utstyrsbruk er her kjernekompetansar
- Innsatseining ved diverse naturhendingar (vind/nedbør osv) som krev innsats/tiltak
- Einaste operative eining i kommunen med personell og utstyr tilgjengeleg 24/7/365.

Oppgåvene utanom utrykkingar til dei oppdrag som kjem, er å drifte heile avdelinga.

Dette er per i dag delt på ein dagkasernert styrke med base på Kollsnes prosessanlegg, seksjon for deltidsmannskap, og materialforvaltning av utstyr og materiell. Frå vedteken brannokumentasjon av 17.11.2017 ligg det inne eit krav om dagkasernert styrke ved Ågotnes brannstasjon. Dette er ikkje på plass i skrivande stund.

Avdelingsleiar:

- Ansvar for personal, fag og økonomi ved avdelinga
- Medlem i leiargruppa til brann- og redningssjefen

Dagkasernert innsatsstyrke (samarbeid med Equinor for Kollsnes prosessanlegg og råoljeterminalen på Sture):

- Personaloppfølging (sykemeldingar, permisjonar, personalsamtalar m.m) for ØBR sine tilsette.
- Vaktplanoppfølging (alltid folk på vakt i tråd med vaktoppsett)
- Øvingsplanlegging/dokumentasjon
- Opplæring nye mannskap/dokumentasjon
- Interne arbeidsoppgåver ved dei to anlegga; t.d. opplæring av industrivernpersonell
- Utgjere innsatsstyrke ved alle utkall til Øygarden Nord – sitt områdeansvar, samt bistå dei andre brannstasjonane ved behov

Dagkasernert innsatsstyrke (Ågotnes) Ikkje implementert:

- Personaloppfølging (sykemeldingar, permisjonar, personalsamtalar m.m).
- Vaktplanoppfølging (alltid folk på vakt i tråd med vaktoppsett)
- Øvingsplanlegging/dokumentasjon/internkontroll og fagspeialister
- Opplæring nye mannskap/dokumentasjon
- Interne arbeidsoppgåver ved primært Ågotnes brannstasjon
- Utgjere innsatsstyrke ved alle utkall til Øygarden Midt – sitt områdeansvar, samt bistå dei andre brannstasjonane ved behov

Seksjon for deltidsmannskap har fylgjande arbeidsoppgåver/ansvar:

- Personaloppfølging (sykemeldingar, permisjonar, personalsamtalar m.m)
- Vaktplanoppfølging (alltid folk på vakt i tråd med vaktoppsett)

- Lønsarbeid (timelilster, vaktbetaling, kjørerekningar)
- Rekruttering
- Øvingsplanlegging/dokumentasjon
- Opplæring nye mannskap/dokumentasjon

Materialforvaltning har arbeidsoppgåver med/ansvar for:

- Tilsyn og kontroll av alt av kjøretøy
- Tilsyn og kontroll av alt utstyr
- Tilsyn og kontroll av alt personlig verneutstyr og tøy, inkl vask av tøy
- Kontroll og tilsyn med stasjonane
- Sikre at alt forbruksmateriell er tilgjengelig
- Tilsynsansvar for Sivilforsvaret sitt materiell på Ågotnes
- Opplæring og trening i/med utstyr
- Innkjøp av utstyr

Om vi summerer opp stillingsstorleik for antal tilsette i deltid vi har, så gjev det oss ca 3 årsverk. Dette gjev imidlertid eit heilt skeivt bilete av kva administrative ressursar som er naudsynt for å administrere deltidsstyrken. I skrivande stund er det omlag 60 deltidstilsette i ulike vaktkategoriar.

5.5.2 Vurdering av dei største risikoområda

I beredskapsrosen som er utført, avdekkar vi mulige tiltak som må gjerast opp mot mannskapsorganisering, utstyrsanskaffelse, opplæring, øving osv, for å kunne klare dei oppgavene avdelinga har ansvar for.

Dette er gjort i form av vurderingar opp mot spesifikke oppdrag for styrken som ein tilnærming, samt vurderingar opp mot det interne arbeidet som må/skal gjerast (opplæring/dokumentasjon/redundans i administrative ressursar osv.

5.5.2.1 Farleg gods på veg/uhell med farleg gods

Utslepp av farleg gods (akutt forureining), skal handterast av skadevoldar. Om dei ikkje har kunnskap og/eller kapasitet skal kommunen tre inn og gjere skadebegrensande tiltak på skadevoldar sin rekning.

ØBR må for dette ha adekvate ressursar (utstyr og økonomi) for å handtere mindre utslepp og komplettering av utstyr og materiell som vart nytta ved ein aksjon.

Transport av farleg gods bør ein unngå i bustadområder.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Øygarden brann og redning må rå over naudsynt og adekvat utstyr og materiell for handtering av mindre utslepp.
- Øygarden brann og redning må rå over særskilt utstyr (splashdraktar) for å handtering av mindre utslepp, der ein ikkje kan nytta ordinære brannkle. Dei tilsette må ha opplæring i bruk av draktane.

5.5.2.2 Større skog/lyng/grasbrann

Typisk døme her er ein utmarksbrann der behov for store personellstyrkar er aktuelt. Behov for assistanse frå Sivilforsvar, nabobrannvern og ev. skogbrannhelikopter, kan bli aktuelt. Det var ein større lyng- og utmarksbrann i regionen i 2015. I 2021 oppstod ein særstør og krevjande brann. Ein brann som medførte store behov for mannskaps- og helikopterressursar. Det er dog ikkje mogleg å dimensjonere ein kvardagsberedskap for slike hendingar. Når dei inntreff må ein ha samarbeidsløysingar der ein sikra rask og adekvat tilgong til ressursar. Aksjonar kan bli langvarig, noko som fører til behov for personellutskiftingar.

Aktuelle konsekvensreducerende tiltak

- Frå tidlegare brannokumentasjon låg det innen ei tilråding om å etablere ein reservestyrke, som kunne trekkast inn ved slike brannar. Personell i denne reservestyrken skulle ikkje ha så strenge krav til helse og kompetanse som t.d. ein brannkonstabel som er røykdykkar. Krav til oppmøtetid kunne og vere lengre. Imidlertid har etablering av Vest brann- og redningsregion (VBR) vist seg som ei betre fagleg løysing. Dvs. å heller gjensidig bruke kvarandre sine ressursar av personell, som er fagleg og helsesmessig godt skikka til aktiv teneste. Den tidlegare intensjonen var ei reservestyrke med mindre strenge krav, og derav også meir avgrensa bruksområde. Slutninga er difor å ikkje gå vidare med å etablere ei reservestyrke og heller bygge oppunder samarbeidet i VBR.
- Brann- og redningssjefen vil tilrå at kommunen gjennomfører eit prosjekt der ein samlar ressurspersonar innan aktuelle fagfelt for å vurdere førebyggjande tiltak. Dette kan t.d. vere regulering av skogområder med branngate, anlegg av stiar, meir beite, strengare krav til avstand til skog og utmark for nye bustadfelt (også hytter og næringsverksemd), strengare krav til at hogsavfall under høgspenliner vert fjerna, o.a.
- Gjennom VBR er det allereie etablert felles opplæringsarena for slike brannar, og dette arbeidet vert tilrådd utvida vidare med t.d. skogbrannkonteiner med supplerande utstyr. Ei eiga ordning for innsatsleiarstøtte er også under etablering. Slik innsatsleiarstøtte vil ikkje berre kunne gjelde for større lyng-, skog- og utmarksbrannar, men også andre kompliserte større hendingar.

5.5.2.3 Større brann i bustadkompleks

Det kjem stadig fleire høge og store bustadkompleks i regionen. Desse finn vi m.a. i Straume kystby, Ågotnes, Rong og Skogskiftet. I tillegg har kommunen bustadområder med tett busetnad og mange store næringsbygg. Angrepstilhøve og tilkomst varierer. Sløkkje- og ev. redningsinnsats i høgda og i utstrekning, krev eigna reiskap.

Høgdereiskap vil vere eit viktig risikoreducerende tiltak, både ved «vanlege» bustadbrannar, men særleg ved brann i store bygg. Anten det er høge bygg eller bygg i stor utstrekning (areal). Her viser vi til brann i større leileighetskompleks i Hemsedal 2022, der bruken av høgdereiskap vart fremheva som viktig.

Aktuelle konsekvensreducerende tiltak

- gode reguleringsplanar ved utarbeiding av nye bustad- og næringsområder, som sikrar tilkomst og angrepsmogleghet for Øygarden brann og redning sine kjøretøy
- etablering av maskinell høgdereiskap må sikrast og samstundes må ein rekne med meir trening for operatørane av reiskapen enn personell som ikkje har denne funksjonen.
- god dialog med utbyggjarar i forkant vil medverke til å løyse område knytt til brann- og redningsproblematikk på eit tidleg stadium av ein planprosess



Hallingdal brann- og redningstjeneste sin stigebil.
Bilete: Egenes brannteknikk

5.5.2.4 Trafikkulukke

Det er mykje trafikk på hovudvegane i regionen. Særleg gjeld dette FV 555 og FV 561.

Aktuelle konsekvensreducerende tiltak

- Alle stasjonar skal ha adekvat frigjerings- og hurtigsløkkjeutstyr.
- Rask utrykkingstid er ein viktig faktor ved trafikkulukker med personskade.
- Spreidd plassering av brannstasjonar vil gjere regionen godt rusta til å kunne rykke ut med brann- og redningsressursar med rimeleg korte kjøreavstandar. Lokalisering av brannstasjonar, slik det er tilrådde i denne brannokumentasjonen, er gode m.o.t. strategiske plasseringar og rimeleg korte utrykkingsavstandar.

5.5.2.5 Sjørelaterte hendingar

Kommunen har sjø på alle kantar. Det er ein sterk kystkultur og det er aktiv bruk av sjøen, både til fritidsaktivitetar, og til næringsaktivitet.

Spesielt kan nemnast at regionen er kjent som eit attraktivt område for kajakkpadling. Ein ser og mykje aktivitet knytt til oppdrettsnæring, og store skip anløper regelmessig t.d. oljeterminalen på Sture og CCB på Ågotnes.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Redningsaksjonar til sjøs kan vere krevjande og ein kan ikkje venta at Øygarden brann og redning skal kunne yte innsats langt til havs og ved dårleg vær. Vi bør likevel vere budd på å kunne yte bistand ved ulukker i skjærgarden rundt kommunen, opp til moderat vindstyrke. Det bør vurderast nærare behovet for båt knytt til stasjonen i Skogsskiftet, i tillegg til den som er knytt til Dalsneset.

5.5.2.6 Særskild risiko knytt til bustadmønster

Det er ei kjennsgjerning at vi i samfunnet har mange grupper av befolkningen som av forskjellige årsaker ikkje er fullt ut i stand til å kunne hjelpe seg sjølv i ein krisesituasjon. Det er også ein kjennsgjerning at mange av desse er busett utafor definerte institusjonar. For beredskapsavdelinga kan dette igjen by på utfordringar, som til dømes at vi ikkje kjenner tilstanden til dei som treng assistanse, eller at vi kan vere avhengige av andre fagkompetansar for å gjere ein god jobb.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

- Via førebyggjande avdeling, ha eit tett samarbeid med kommunen sine helse- og sosialtenester.
- Deltaking ved opplæring av tilsette ved institusjonar
- Kunnskap om for eksempel adresser der språk kan vera ei utfordring

5.5.2.7 Industri- og næringsverksemdar

Regionen har mykje næringsaktivitet, spesielt kan Straume næringspark, CCB, Ågotnes næringspark, Naturgassparken, Kollsnes prosessanlegg, og Stureterminalen, trekkast fram. Ein har og anlegg som lagrar sprengstoff i regionen. Dette kan medføre spesielle utfordringar knytt til ulykker ved desse anlegga. Litt lengre fram i tid må vi sjølv sagt også trekkje fram ny containerhavn for Bergensregionen, som etter planen kjem på Ågotnes.

Aktuelle konsekvensreducerande tiltak

Fleire av desse anlegga er storulykkebedrifter som må rapportere årleg til DSB. Blant desse finn vi også eigne industrivern. Ein ser likevel at ulykker skjer på desse anlegga og at det er behov for at brann- og redningstenesta gjer innsats inne på anlegga. Vi må vere budd på å leie og gjennomføre krevjande innsatsar på desse anlegga, og må difor ha eit tett samarbeid med verksemdene slik at ein kan ha felles planverk og jamlege øvinger. Eit utvida formalisert samarbeid med Equinor Kollsnes/Sture er døme på tiltak som skal styrke kompetanse for å handtere hendingar ved anlegga.

5.5.3 Beredskapsanalyse og tilråding

Brann- og redningstenesta skal utarbeide ein beredskapsanalyse på bakgrunn av risiko og sårbarhetsanalysen, Beredskapsanalysen skal angi kva for uønska hendingar det skal etablerast beredskap for, og vurderingane som ligg til grunn for organisering, utrusting og bemanning av beredskapen. Beredskapsanalysen skal identifisere kva for ressursar om er nødvendig for ein tilfredsstillande handtering av hendingane.

Vurderinga gjeld tal på personar i beredskapsstyrken, nivå på vaktberedskap, tal og storleik på vaktlag, og lokalisering av beredskapsstyrken skal omfatte:

1. Risikoen i kvart ansvarsområdet
2. Krav til utrykkingstid
3. Oppmøtetida for personell, som skal møte til førsteinnsats og vidare innsats
4. Samarbeid med andre brann- og redningsvesen og industrivern

Beredskapsanalysen har som mål å handtere restrisikoen når dei førebyggjande krava er oppfylte. Dette betyr altså at dersom førebyggjande krav til t.d. eit objekt ikkje er oppfylt, vil dette kunne utløyse krav om forsterka beredskapsressursar. Ein beredskapsanalyse er ein systematisk framgangsmåte, som har til hensikt å sikre at brann- og redningstenesta skal handtere utvalde uønska hendingar og truslar, ved å stille konkrete krav til beredskapen. Vi kan grovt sett dele analysen inn i følgjande formål:

Formål 1: fastsett kva for ambisjon Øygarden kommune skal ha for sin beredskap ved å angje kva for uønska hendingar det skal etablerast beredskap for å kunne handtere, og å sette krav til respons på, og handtering av, dei utvalde hendingane.

Formål 2: Identifisere kva for ressursar (herunder personell, kompetanse, utstyr m.m) som er nødvendig for å kunne respondere tilfredsstillande og handtere hendingene slik ein ønskjer (jf. pkt. 1)

Beredskapsanalysen skal beskrive Øygarden brann og redning sin håndteringsevne av belyst risiko i kommunen. Det er også ein gjennomgang av utrusting, bemanning, kompetanse og organisering av brann- og redningstenesta. Avslutningsvis skal analysen identifisere kva for endringer, som bør foretas for å gje ein antatt optimal beredskap mot kjent risiko og venta hending innanfor ansvarsområdet.

Resultat av beredskapsanalysen gjev ei tilråding til dimensjonering av beredskapsavdelinga. Sjå kap. 6.

Oppgåve/stilling	Årsverk beredskapsavdeling (Basert på ROS, beredskapsanalyse og avtale med Equinor ¹)					
	Utrykkings- styrken, deltid	Seksjon for deltid	Dagkas. heiltid, Kollsnes	Dagkas. heiltid, Ågotnes	Material- forvaltning	Avdelings- leiar
Avdelingsleiing						1,0
Deltidsstyrke (sum årsverk 3 stasjonar)	3,2					
Dagkasernert (heiltid) styrke, Kollsnes ¹			4,0			
Dagkasernert (heiltid) styrke, Ågotnes ²				3,0	1,0 ³	
Seksjonsleiing		1,0 ⁴				
Materialettersyn og vedlikehald					0,13 ⁵	
Sum årsverk	13,2					
Sum årsverk (heiltid)	10,0					

¹ Avtalen med Equinor går ut på at ØBR har 4 årsverk knytt til den dagkasernerte styrken og Equinor har 1 årsverk. Kollsnes; vaktlaget på dagtid består av brannmeister, underbrannmeister og tre brannkonstablar.

² Ågotnes; vaktlaget på dagtid skal bestå av brannmeister, underbrannmeister og to brannkonstablar.

³ Materialforvaltaren bør normalt inngå i den dagkasernerte styrken. Sjå punkt ²

⁴ Seksjonsleiaren har ansvaret for oppfølging av alle deltidstilsette.

⁵ Ved nye Skogsskiftet er ein person ved stasjonen tillagt ei særskilt oppgåve med tilsyn med materiell - materialkoordinator. Storleik 0,13 årsverk. Materialkoordinatoren rapporterer til materialforvaltaen (heiltidsstilling), som har kontor på Ågotnes brannstasjon.

5.6 Administrativ vurdering

5.6.1 Innleiing

Med «Administrativ vurdering»- legg vi ein vurdering av dei samla økonomi, strategi og HR- og HMS-oppgåvene, som skal utførast, og kva personell og andre ressursar, dette set krav om.

Frå førre brannokumentasjon har vi at administrasjonsavdelinga minst skulle ha 1,8 årsverk administrative ressursar utanom brann- og redningssjefen.

Frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap er det tidlegare antyda eit ressursbehov på 0,7 – 0,8 årsverk per 10 årsverk førebyggjande og beredskap. Ein openbar svakheit med ein slik modell, er at den ikkje tek høgde for tal på tilsette, men berre ser på årsverk og ikkje tek inn alt arbeid som t.d. hms-området krev i ein brann- og redningsorganisasjon. Arbeidsmengda for å handtere HR-funksjonar for om lag 60 deltidstilsette, er og vesentleg meir omfattande og arbeidskrevjande enn årsverktalet aleine tilseier.

Øygarden brann og redning skal få kommunale støttetjenester frå andre einingar i Øygarden kommune. Dette inkluderer t.d.; rekneskap, løn og fakturering, IKT, kommuneadvokat, og rådgjeving innan personalspørsmål. Øygarden brann og redning har og same bedriftshelseteneste som kommunen.

I denne risiko- og sårbarhetsanalysen vert det tilrådd ein ny organisering som vil gje direkte 23 årsverk (heiltid) + ca 3,0 årsverk deltid, beredskap. Tal på tilsette vil samla sett vere 23 heiltid og omlag 60 deltid med fullt implementert brannokumentasjon. «Omlag» vert nytta fordi ei døgnvakt kan måtte delast mellom to personar, slik at ein treng to tilsette for å sikre døgnvakta. Dette sjølv om det er tale om deltidstilsette. Ein praksis der ein berre reknar stillingsstorleik utan å ta omsyn til at administrativt arbeid med deltidstilsette er omfattande, vil gje eit uriktig bilete av faktisk arbeid, som trengst for ei fullgod administrativ støttfunksjon.

5.6.2 Oppgåver for administrasjonsavdelinga

I «administrative ressursar» legg vi m.a. følgjande arbeidsområder:

- Arbeid med tilsettingar frå utlysing til personell er i arbeid
- Arbeid med permisjoner og oppfølging av sjukefravær
- Administrering av personalopplysningar
- Pensjonsarbeid og forsikringar
- Internkontroll, prosedyrer, revisjon
- Oppfølging og oppdatering av reglementer og retningslinjer
- Bedriftshelseteneste, helsekontrollar koordinering av arbeidsmiljøkartlegging
- Vernerundar
- HMS planverk
- Kontormaskinpark, adgangskontroll, id-kort, telefoni, avfallshandtering og reinhald

5.6.3 Konsekvensvurdering og tilråding

Frå førre brannokumentasjon har vi et krav om min 1,8 årsverk til HR-tjenester.

Berekningsmodellen frå DSB tilseier 0,7 – 0,8 HR-ressursar per 10 årsverk. For å ta høgde for at tal på tilsette er ein viktig faktor, vel vi å nytte sats – 0,75. For brann- og redningstenester med mange deltidstilsette, er dette noko ein må ta med i vurderinga ved dimensjonering av HR-ressursar.

Behovet for HR-ressursar ved Øygarden brann og redning, må sjåast i samanheng med

- Krav i gjeldande brannokumentasjon og oppgåveportefølje
- Synergieffekt med tilgong til fleire tenester frå Øygarden kommune
- Tal på årsverk og tilsette
- Pkt. 5.4.4 førebyggjande analyse og pkt. 5.5.3 beredskapsanalyse.

Funksjon	Årsverk
Estimert årsverk beredskap (heiltid) inkl. samarbeid med Equinor	10,0
Estimert årsverk beredskap (deltid)	$(60 \times 0,05^1) = 3,0$
Tillegg for administrasjon av deltidstilsette	$(60 \times 0,01^2) = 0,6$
Tillegg materialkoordinator, Skogsskiftet brst.	0,13
Sum årsverk beredskap	13,73
Estimert årsverk førebyggjande (førebyggjande har berre heiltdstilsette)	11
Brann- og redningssjef	1
Sum dimensjonerande årsverk	25,73
Sum tilsette (eksl. adm. res.)	22 heiltid, og omlag 60 deltid
Faktor for berekning (DSB-modell)	0,75 årsverk adm. res. per 10 årsverk
Behov for administrative ressursar	$(2,57 \times 0,75) \approx 1,93$
Synergieffekt fellestenester med ØK	0,40
Bidrag frå heiltid beredskap dagkasernert styrke Ågotnes	0,53

¹ Stillingsstorleik varierer utfrå funksjon; uttrykkingsleiar med sjåførfunksjon, brannkonstabel med og utan sjåførfunksjon

² Dette er eit tillegg som tek inn at tal på tilsette verkar inn på arbeidsmengda, og ikkje berre årsverk direkte.

Oppsummering

Ei nøktern tilnærming vil difor vere at Øygarden brann og redning minst bør ha 1,93 årsverk HR- og HMS-ressursar i tillegg til brannfagstillingane (brannsjef med avdelingsleiarar, beredskap og førebyggjande personell). Førre brannokumentasjon (2017) la til grunn minst 1,8 årsverk. Synergieffekt med fellestenester frå Øygarden kommune er vurdert til 0,40 årsverk. Bidrag frå heiltidspersonell beredskap (vaktpersonell heiltid) er her sett til 0,53.

Bidraget frå både fellestenestene frå Øygarden kommune og heiltidspersonell/dagkasernering er egentlig i overkant, men vi ser føre oss at ein dagkasernert styrke på Ågotnes vil kunne bistå i noko av HR- og HMS-arbeidet når denne er på plass, og vel difor å oppretthalde berre eitt årsverk utanom til administrative ressursar. Dette vert då HR- og HMS-rådgjevaren.

Dersom det vert aktuelt å tilsett enda fleire i den felles dagkasernerte styrken med Equinor, eller oppgradere vaktordninga til døgnløyising, vil det vere i overkant ambisiøst å halde fram med berre eit årsverk innan interne HR- og HMS-ressursar i ØBR.

Slutning

Behov for heiltids HR- og HMS ressursar vert sett til 1,0 årverk, det same som vi har i dag. Sjå elles *Oppsummering*.

6.0 Dimensjonering av Øygarden brann og redning (ØBR)

6.1 Kort om historikk

Øygarden brann og redning IKS var eit interkommunalt selskap eigd av dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden i perioden 1.1.2018 – 28.02.2020. Dagleg leiar (brann- og redningssjefen) rapporterte til eit styret, som igjen svara til eit representantskap. I representantskap satt dei tre ordførarane for eigarkommunane.

Etter at dei tre kommunane slo seg saman, vart brann- og redningstenesta organisert som eit kommunalt føretak. Føretaket hadde eige styret, som rapporterte direkte til kommunestyret. Føretaket hadde vidare ein dagleg leiar (brann- og redningssjefen), som rapporterte til styret. Føretaket tok i stort i vare dei oppgåver og forpliktingar som Øygarden kommune har etter brann- og eksplosjonsvernloven. Jf. kap. 3 i loven.

Dagens brann- og redningsteneste er ei av fire einingar under kommunalsjefområde Organisasjon og samfunnssikkerheit. Brann- og redningssjefen rapporterer direkte til kommunedirektøren i faglege tilhøve.

6.2 Administrering og organisering

6.2.1 Oppgåve- og arbeidsgjevaransvar

Alle kommunar er i høve til §§ 9 og 10 i lov om brann- og eksplosjonsvern pliktig til å utarbeide ein dokumentasjon av korleis dei tek i vare dei krav som vert stilt til kommunane.

Brannokumentasjon skal viser korleis kommunen tek i vare dette ansvaret, ved organisering av brann- og redningstenesta.

Kommunen skal ha ein brann- og redningsorganisasjon som er organisert, utrusta og bemanna på ein slik måte at den har nødvendig kompetanse og kapasitet til å ivareta aktuelle oppgåver.

Brannokumentasjonen skal vere basert på følgjande:

- 1) brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse for kommunen
- 2) krav i forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskriften) og forskriften som løyser av denne; forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødalarmingsssentralene (brann- og redningsvesenforskrift).
- 3) lokale satsingsområder og lokale tilhøve, som verkar inn på dimensjoneringa

Det er ei leiargruppe som leiar den daglege drifta. Brann- og redningssjefen avgjer samansetting av gruppa.

Alle tilsette er tilsett i Øygarden kommune, som også har det formelle arbeidsgjevaransvaret.

6.2.2 Arbeidsavtale, stillings- og funksjonsomtalar og arbeidsplan

Alle tilsette skal ha arbeidsavtale. Det skal vere stillingsomtalar for alle stillingar og vaktfunksjonar i Øygarden brann og redning. Stillingsinnhaldta viser arbeids- og ansvarsområde for den einskilde stilling. Det skal og vere arbeidsplan for tilsette i vaktordning.

6.2.3 Internkontroll, planverk og rapportering

ØBR skal ha internkontroll i samsvar med krava i internkontrollforskrifta, og rutinar for revisjon og komplettering av denne. Arbeidet med revisjon og komplettering av prosedyrane skal vere ein kontinuerleg prosess. Internkontrollsystemet skal samkøyrast med tilsvarende system i Øygarden kommune, så langt som råd. Øygarden brann og redning skal nytte same HMSK-system som kommunen, for tida Compilo.

Det blir utarbeidd planverk for ulike aktivitetar. Døme på slike planar er: oversikt over tilsyn, feiingar, kampanjar, arbeidsmiljøtiltak og øvingsplan. Nokre planar blir revidert årleg, mens andre går over lengre tidsperiodar. Ein del av dette finn vi igjen i årsplanen.

6.2.4 Køyretøy, båtar, utstyr og materiell

ØBR skal rå over kjøretøy og utstyr, som skal vere tilpassa den aktivitet og dei tenester, som brann- og redningstenesta til ei kvar tid skal levere.

Brann- og redningssjefen legg føringar på antal og type køyrety innanfor dei respektive tenesteområda. Investeringar vert godkjent av kommunestyret.

6.3. Grunnlagsdata

6.3.1 Innleiing, og framtidig planverk og infrastruktur

Dokumentasjonen byggjer på kommunegrensar, folketal og tettstader (tal frå Statistikk Sentralbyrå) og tilhøve elles i Øygarden kommune: Tettstader per januar 2022, og innbyggartal per 1. kvartal 2023 (39 465).


Areal ca. 300 km² (land), og 15 km² (vatn). Totalt 315 km². Ca. 131 innb./km² landområde.

Kommunen lagar fleire typar planar m.a. kommunedelplanar for delar av kommunen. Slike planar vil kunne ha element som i eit meir framtidig perspektiv kan påverke både beredskaps- og førebyggjande oppgåver. Nye vegar vil føre til kortare utrykkingstider, og truleg også ha positiv innverknad på tal på trafikkulukker. Særleg vil vi trekkje fram nytt fastlandssamband, som vil gjere merkbare endringar i vegtilhøve over Liltlesotra og Bildøy. Fleire tunnellar kjem også, med dei utfordringar som dette vil kunne føre til.


Ein fullskala hydrogenfabrikk i Naturgassparken vil, saman med den allereie store og veksande aktiviteten i området, kunne medføre endra krav til beredskapsnivå i Øygarden Nord.

6.3.2 Folketal og tettstader i Øygarden kommune


Tettstader i Øygarden kommune (per 2022)		
Tettstad nr.	Innb.	Merknad
5357 Haganes	277	<p>Tettstaddefinisjonen</p> <p>Tettsteder er geografiske områder som har en dynamisk avgrensing, og antall tettsteder og deres yttergrenser vil endre seg over tid avhengig av byggeaktivitet og befolkningsutvikling. Dette er SSBs definisjon av tettsted:</p> <p>1. En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der (ca. 60-70 boliger).</p> <p>2. Avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. Det er tillatt med et skjønnsmessig avvik utover 50 meter mellom husene i områder som ikke skal eller kan bebygges. Dette kan f.eks være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturlig hører med til tettstedet taes med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen. Disse husklyngene kalles tettstedssatellitter</p> <p>Kjelde: Statistisk Sentralbyrå</p>
5353 Misje	313	
5334 Rossnes	370	
5358 Anglavika	377	
5186 Hamre	416	
5351 Li	436	
5354 Fjell	505	
5335 Blomvåg	521	
5187 Skogsvågen	557	
5183 Telavåg	602	
5188 Fardalen	664	
5332 Vikavågen	643	
5336 Sekkingstad	684	
5184 Forland	699	
5181 Klokkarvik	728	
5196 Skoge/Møvik	915	
5182 Hammarsland	1 000	
5200 Knappskog	1 615	
5333 Torsteinsvik	1 788	
5199 Ågotnes	3 624	
5352 Knarrevik/Straume	12 042	
Alt. 1. Tettstader, som truleg snart veks saman		
5187 Skogsvågen	557	I alternativa er det vist korleis nokre tettstader truleg vil vekse saman og få høgare innbyggjartal.
5182 Hammarsland	1 000	
SUM	1 557	
Alt. 2 Tettstader, som truleg veks saman		
5200 Knappskog	1 615	Alternativa 1 og 2 er per i dag ganske så tett.
5199 Ågotnes	3 624	
SUM	5 239	
Alt. 3. Tettstader, som truleg veks saman		
5354 Fjell	505	Alternativ 3 har noko større avstand, men ikkje mykje, for å bli sett på som ein tettstad.
5196 Skoge/Møvik	915	
Sum	1 420	
Alt. 4 Tettstader, som kan vekse saman		
5336 Sekkingstad	684	Alternativ 4 er slett ikkje urealistisk innan relativt få år, og samstundes kan faktisk alternativ 5 verte ein realitet. Då sitt vi med ein stor tettstad både i utstrekning og i innbyggjartal. Det ein skal vere klar over er at når ein tettstad har meir enn 20 000 innbyggjarar, vert det krav om døgnkasernert beredskap. Reelt sett vil dette vere tilfellet i alternativ 5 når tettstadene har vokst saman, fordi innbyggjaratala i dei einskilde tettstadane er venta å auke i åra som kjem.
5200 Knappskog	1 615	
5199 Ågotnes	3 624	
5358 Anglavika	377	
5352 Knarrevik/Straume	12 042	
SUM	18 342	
Alt.5 Tettstader, som kan vekse saman		
5336 Sekkingstad	684	
5200 Knappskog	1 615	
5199 Ågotnes	3 624	
5354 Fjell	505	
5196 Skoge/Møvik	915	
5358 Anglavika	377	
5352 Knarrevik/Straume	12 042	
SUM	19 762	




Tettsteder - Øygarden nord-nord



Tettsteder - Øygarden nord




Tettsteder - Øygarden midt




Tettsteder - Øygarden sør


6.3.3 Særskilde objekter og områder




Utvalde særskilde objekter Øygarden nord - nord



Utvalde særskilde objekter Øygarden nord



Utvalde særskilde objekter Øygarden midt/aust



Utvalde særskilde objekter Øygarden sør

Eit særskilt brannobjekt er eit byggverk, opplag, område, tunell, verksemd med meir, kor brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdiar. Døme på særskilte objekt er sjukeheim, kyrkje, kjøpesenter, skule, industriområde, vegtunell og freda bygg. Objektet delast inn i følgjande kategoriar.

- A. bygningar og områder kor brann kan medføre tap av mange liv
- B. bygningar, anlegg, opplag, tunellar og liknande som ved si eigenart eller den drifta som er i objektet, antas å medføre særlig brannfare eller fare for stor brann, eller kor brann kan medføre store samfunnsmessige konsekvensar.
- C. Viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg

Karta over utvalde særskilte objekter er interessant fordi dei gjev eit oversyn over objekter der mange personar kan vere samla samstundes. Nokre av objekta har også brukarar som vil kunne trenge assistert rømming ved brann. Gjeld særleg sjukeheimar. Objektet er godt spreidd i kommunen, men med ei konsentrasjon til tettstader. Det er per 22.05.2023 registrert 123 særskilte brannobjekt i kommunen. Av desse er det 107 A-objekt, 12 B-objekt og 4 C-objekt.

6.3.4 Fyringsanlegg

Det er om lag 11 500 skorsteinar med tilkoplde eldstad i kommunen. Om lag 2 000 av dei er fritidsbustader. Mange av fritidsbustadane har krevjande tilkomst.

6.4 Administrasjonsavdeling, og leiding av ØBR

6.4.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av administrative tilhøve

Administrasjonsavdelinga består av brann- og redningssjefen og ein HR- og HMS-rådgjevar. Begge er heiltidsstillingar. Brann- og redningssjefen leiar administrasjonsavdelinga og er også leiar av ØBR. Avdelinga har ansvaret for dagleg leiding, kontordrift, overordna personalforvaltning, hms&k-koordinering, strategisk-, økonomisk- og administrativ planlegging og oppfølging, ulik saksbehandling, o.a.

6.4.2 Leiding av ØBR

Brann- og redningstenesta vert leia av brann- og redningssjefen. Beredskapsavdeling og førebyggjande avdeling vert leia av kvar sin avdelingsleiar. Alle er tilsett på heiltid. Brann- og redningssjefen vel ein stedfortredar. Normalt vil dette vere ein av avdelingsleiarane.

6.4.3 Organisering av administrasjonsavdelinga

6.4.3.1 Oppgåver

Det vert vist til oversikt under kap 5.6.2

6.4.3.2 Leiargruppe

Brann- og redningssjefen vel medlem i leiargruppa. Avdelingsleiarar skal alltid vere med. Leiargruppa skal stå for den overordna drifta av brann- og redningstenesta, og strategisk planlegging.

6.4.3.3 HR- og HMS

HR- og HMS-rådgjevaren har eit koordinerande ansvar for personaloppgåver, og er også den som fasiliterar årleg internrevisjon og leiinga si gjennomgang. Han/ho er Øygarden brann og redning sin kontakt inn mot bedriftshelsetenesta.

Internkontrollsystemet skal vere bygd opp slik:

- Del 1. Overordna styringsdokumentasjon (det overordna dokumentet som synleggjer hms & k-politikk og mål, roller og ansvar, hms-aktivitetar m.m.)
- Del 2. Styringsdokumentasjon (prosedyreverk)
- Del 3. Resultatdokumentasjon (vernerunder rapportar, undersøkingar, m.m.)

6.4.4 Kompetanse og materiell

Avdelinga skal ha kompetanse innan aktuelle fagområde for forvaltning av personell og internkontroll.

Avdelinga skal nytte kommunale støttetjenester i Øygarden kommune der avdelinga sjølv ikkje har tilstrekkeleg kompetanse eller verktøy/materiell.

6.5 Beredskapsavdeling

6.5.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av beredskapen

Avdelinga har ansvaret for beredskap mot brannar, ulukker m.m.

Øygarden brann og redning skal ha slik kompetanse at krav, som blir stilt til brannvernet om gjennomføring av beredskapsarbeid, blir oppfylt. Jf. brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter.

Øygarden brann og redning skal ha tilfredsstillande personellressursar og kompetanse, samt materielle ressursar, som gjer tenesta i stand til å utføre dei arbeidsoppgåver brann- og redningstenesta kan bli sett til.

Alle stasjonane skal ha operativ røykdykkarteneste, akutthjelparteneste og overflatereddarteneste.

6.5.2 Særskilde risikotilhøve – auka krav til materiell, kompetanse og vakt

Vassforsyning for brannsløkking i regionen skal innrettast etter det som er fastsett i dimensjoneringsforskriften. Dersom det er behov, skal Øygarden brann og redning bringe med seg sløkkjevatt, og må for dette ha aktuelt køyrety tilgjengeleg. For å sikre frammøte av ein minimumsstyrke skal alt beredskapspersonell inngå i regulerte vaktordningar. Etablering av høgdereskap krev særleg trening for operatørane.

Brann- og redningssjefen har mynde til å auke beredskapsnivået dersom særlege tilhøve tilseier dette. Døme er periodar i året der avviking av ferie kan redusere den totale beredskapsstyrken.

Meir nedbør vil krevje meir materiell til å kunne ta lenseoppdrag i bustader m.m., som vert oversvømma fordi bekkefar tek nye vegar.

Handtering av større lyng- og utmarksbrannar (t.d. storbrann i juni 2021), krev meir ressursar enn kvardagsberedskapen er dimensjonert for. I slik hendingar vert det lagt opp til bruk av støttestyrker frå Sivilforsvaret og andre brann- og redningstenester. I særleg grad peiker Vest brann- og redningsregion seg ut, med moglegheit for koordinering og tilførsel av store brann- og redningsressursar frå medlemskommunane, og for så vidt også frå kommunar som ikkje er medlem av samarbeidet. Ein vil gjennom dette t.d. få personellressursar med riktig og god kompetanse og erfaring, og det blir sett på som ei betre løysing enn å opprette eigen skogbrannreserve. ØBR har i 2022 gjennomført kompetansheving gjennom Norges Brannskoles kurs Leiing E (11 pers.), utdanna fleire utrykkingsleiarar (7 pers.), meir kursing innan skogbrann, meir tenleg materiell (førehandslagra), for å nemne nokre tiltak for å styrke robustheit.

6.5.3 Organisering av beredskapsavdelinga

6.5.3.1 Avdelingsleiing

Avdelingsleiaren har oppfølgingsansvar for budsjett, personell og for faglege tilhøve ved avdelinga. Han/ho rapporterer til brann- og redningssjefen.

6.5.3.2 Seksjon for beredskap – dagkasernert styrke Ågotnes

Den dagkasernert styrken skal vere lokalisert til Ågotnes stasjon. Seksjonen vert leia av brannmeister, som har ansvar å drifte det dagbaserte beredskapslaget ved stasjonen. Arbeidsoppgåver som er tillagt seksjonen, utanom at dei er dagberedskapsstyrke på Ågotnes brannstasjon, er m.a. øvingsplanlegging, overordna materiellansvar for alle stasjonar, spesifikk fagkompetanse innan avtalte områder (t.d. utmarksbrann, trafikkulukker, bygningsbrannar m.m), materielltilsyn og vedlikehald. Seksjonen har eit særskilt ansvar for førebuing og gjennomføring av årleg fysisk test for tilsette i beredskapsstyrken med krav til slik test.

6.5.3.3 Seksjon for beredskap – dagkasernert styrke Kollsnes

Den dagkasernerte styrken er lokalisert til Kollsnes brannstasjon ved Kollsnes prosessanlegg. Dette er eit samarbeid mellom Equinor og Øygarden brann og redning (ØBR). Seksjonen vert leia av brannmeisteren, som har ansvar å drifte seksjonen i det daglege arbeidet. Arbeidsoppgåver som er tillagt seksjonen, utanom at dei er dagberedskapsstyrke ved Kollsnes brannstasjon, er m.a. øvingsplanlegging særlegg retta mot industrivern, materielltilsyn og vedlikehald av eiga materiell, samt ev. andre kontrolloppgåver nedfelt i avtale mellom Equinor og ØBR. Seksjonen skal også har særskilt kompetanse innan handtering av gass/oljerelaterte problemstillingar.

6.5.3.4 Seksjon for beredskap – deltidstyrke

Seksjonen vert leia av seksjonsleiar, stasjonert på Ågotnes stasjon. Han/ho har ansvar for m.a. personaloppfølging (kompetanseheving, resertifisering, formal kompetanse) og vaktlister for deltidstilsette ved dei ulike stasjonane.

6.5.4 Aksjonsleiing og vaktordningar

6.5.4.1 Overordna vaktberedskap

Ny forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen, og nødalarmeringssentraler § 12 krev overordna vakt for regionen. Øygarden brann og redning har allereie ei vel innarbeid ordning for vakthavande brannsjef. Kompetansekrav til personell i overordna vaktberedskap, går fram i brann- og redningsvesenforskriften.

Øygarden brann og redning skal ha vaktordning for overordna vaktberedskap. Ordning er normalt 5-delt. Brann- og redningssjefen peiker ut personell, som tek i del i vaktordninga, og avgjer vaktinndeling.

Alle som deltek i overordna vaktberedskap skal vere heiltidstilsette, primært på overordna nivå i organisasjonen.

6.5.4.2 Vakthavande utrykkingsleiar

Kvart vaktlag vert leia av ein utrykkingsleiar. Kompetansekrav til utrykkingsleiarar går fram av brann- og redningsvesenforskriften. Utrykkingsleiarane går normalt i 4-delt dreiande vaktordning, med unntak for utrykkingsleiarane i kap. 6.5.3.2 og 6.5.3.3.

6.5.4.3 Vakt for øvrig personell

Kvart vaktlag skal ha frå to til tre brannkonstablar i vakt, i tillegg til utrykkingsleiarar. Kompetansekrav til brannkonstablar går fram av brann- og redningsvesenforskriften. Brannkonstablar går normalt i 4-delt dreiande vaktordning. Unntak vil gjelde brannstasjon med kasernert løysing. Dette vil då vere heiltidstilsette som utgjer beredskap innanfor ordinær arbeidstid. I denne brannokumentasjonen gjeld dette berre Kollsnes og Ågotnes.

6.5.4.5 Forsterka beredskap

Brann- og redningssjefen kan i periodar med særleg brannfare, eller for å sikre tilstrekkeleg frammøte, auke beredskapen. Døme på dette kan vere ved spesielle arrangement, naturgitt høve, avvikling av ferie og i høgtider der samla beredskapsstyrke er låg.

6.5.4.7 Brannstasjonar - vaktordning

Brannsjefen kan, ved behov, gjere mellombelse endringar i vaktordningane ved alle stasjonar, ev. sjå vaktfunksjonar i samanheng mellom stasjonane.

Øygarden nord

Dalsneset brannstasjon

Bemanningsbehov:

2 personar i dreiande 4-delt vakt, dreiande døgnavakt, deltidstilsett

1 person i dreiande 4-delt vakt, dreiande fritidsvakt, deltidstilsett

Merk at det pågår utgreiingsarbeid om ny lokalisering av brannstasjon i denne delen av kommune. Dagens Dalsneset brannstasjon tilfredsstillar ikkje dei behov/krav som Øygarden brann og redning har i dag.

Kollsens brannstasjon:

Bemanningsbehov:

4/5 personar i dagkasernert vakt, heiltidstilsette, i samarbeid med Equinor. Kan vere færre om driftstilhøve tillet dette. Dette vert å sjå i samanheng med tilsette i vakt ved Dalsneset brannstasjon. Heiltidstilsette i vakt innanfor ordinær arbeidstid, som også rykker ut til hendingar utanfor Equinor Kollsnes.

Øygarden sør

Skogskiftet brannstasjon

Bemanningsbehov: 3 personar i dreiande 4-delt vakt, dreiande døgnavakt, deltidstilsette.

Øygarden midt

Ågotnes brannstasjon

Bemanningsbehov: 5 mannskap i dreiande 4-delt vakt, der dagberedskapen er ivaretatt av 4 personar i kasernert vakt og eit mannskap i dreiande heimevakt.

Utanom dagtid er beredskapen ivaretatt av 5 personar i dreiande heimevakt.

Gjeld ved implementert høgderaiskapkompetanse. Før dette er implementert er kravet 4 personar i vakt.

Øygarden midt/aust

Øygarden brann og redning skal ha brann- og redningsavtale for områder der eigen beredskap ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje krav i lov og forskrift. Det har i tidlegare brannokumentasjon vore peika på behov for styrka beredskap i austre regionen. Straume kystby er i stor vekst, og med planar for omfattande utvikling i t.d. nordre Bildøy. Det er tid for å vurdere nye relevante beredskapsløysingar, tilknytt kystbyen.

6.5.4.8 Samarbeidsavtale med Equinor

Det er utarbeidd ein samarbeidsavtale med Equinor. Avtalen gjer at det innanfor ordinær arbeidstid er eige personell som utgjer ein dagkasernert styrke. Laget skal normalt bestå at 4/5 personar, men kan vere færre om driftstilhøve ved anlegga tillet dette, ev. ved korttidsfråvær grunna kurs/sjukdom eller liknande.

Avtale inneber per i dag at fire av dei heiltidstilsette er tilsett i ØBR, mens ein er tilsett i Equinor. ØBR har både brannmeister (utrykkingsleiar) og underbrannmeister (nk), samt altså to brannkonstablar. Equinor har tilsettingsansvaret for den siste brannkonstabelen. Den dagkasernerts styrken har oppmøtestad på Kollsnes prosessanlegg. Sjå elles kap. 4.7, 6.5.3.3 og 6.5.4.7.

Det er laga ein særskild avtale som regulerar dei samarbeidsmessige tilhøva.

6.5.4.9 Samla vaktstyrke

Det skal vere minst følgjande personar på vakt ved stasjonane i nord, midt og sør.

Stasjon	Dagtid (innanfor ordinær arbeidstid)			Fritid (utanom ordinær arbeidstid, helg og høgtid)		
	Omfang	Tilsettingstilhøve		Omfang	Tilsettingstilhøve	
		Heiltid	Deltid		Heiltid	Deltid
Overordna vakt	1 x vakthavande brannsjef	X		←	X	
Dalsneset	1 x utrykkingsleiar (ubrm.)		X	1 x utrykkingsleiar		X
	1 x brannkonstabel		X	2 x brannkonstabel		X
Kollsnes ¹	1 x utrykkingsleiar (brm.)	X				
	1 x nk (ubrm.)	X				
	2 x brannkonstabel	X				
Skogsskiftet ²	1 x utrykkingsleiar		X	←		X
	2 x brannkonstabel		X	←		X
Ågotnes ³	1 x utrykkingsleiar (brm.)	X		1 x utrykkingsleiar		X
	1 x nk (ubrm.)	X		3 x brannkonstabel		X
	2 x brannkonstabel	X				
	1 x brannkonstabel ⁴		X	←		X

- ¹ I tillegg til dei to brannkonstablane frå ØBR, vil Eqinor stille med ein, slik at det totale vaktlaget kan utgjere fem personar. Dagleg minimum skal normalt vere fire, men det kan vere færre om driftstilhøva tillet dette.
- ² Det er for tida berre ein brannkonstabel på vakt ved Skogsskiftet brannstasjon. Brannokumentasjonen legg altså opp til å få ein til inn i vaktlaget.
- ³ Det er per no ikkje etablert noko dagkasernert styrke ved Ågotnes brannstasjon. Brannokumentasjonen legg opp til å opprette tre nye stillinger, samt at dagens materialforvaltar også inngår i dagberedskapen.
- ⁴ Ved innføring av høgdereiskap som støttestyrke, vert den 5. personen ein deltidstilsett i døgnvakt.

For å klare dette vil det normalt vere fleire deltidstilsette for å dekkje eit vaktløp. Ein person kan ha dagvakta, mens ein annan har fritidsvakta. Årsaka til dette er slik arbeidsmarknaden er i regionen, med stor grad av pendling og relativt få arbeidsplassar i rimeleg nærleik til fleire av stasjonane våre, sjølv på Ågotnes. Særleg merkar vi utfordringar med dagvakta ved Ågotnes og Skogsskiftet brannstasjonar. Tilgangen til personell, som kan ha vakt utanom ordinær arbeidstid (fritidsvakt) er betre.

6.5.5 Utrusting av beredskapen

Kjøretøy og utstyr

Øygarden brann og redning (ØBR) skal disponere nødvendig materiell til den innsats brann- og redningstenesta kan bli sett til. Beredskapsstyrken skal som min. disponere følgjande utstyr:

Ant.	Køyrety	Merknad
1	brannbil med mannskapskabin og røykdykkarstolar for minst 3 personar, vasstank min 4 000 l, og pumpe	Som hovudregel skal det reknast 15 års økonomisk levetid
2	brannbil med mannskapskabin og røykdykkarstolar for minst 3 personar, vasstank min 2 000 l, og pumpe	↑
2	vasstankbil, med vasstank av relevant storleik, og pumpe	↑
1	høgdereskop, min. 32 meter og pumpe	Som hovudregel skal det reknast 20 års økonomisk levetid
3	fremskoten eining/røykdykkarbil (min. 2 pers.) med nærare spesifisert utstyr	Som hovudregel skal det reknast 10 års økonomisk levetid
1	Båt med motor på sjø	Skal vere av høveleg storleik og kunne liggje stasjonær på sjø i aktuelle periodar av året.
1	Båt med motor på hengjar	Kan vere av same type som ovanfor, ev. noko mindre for meir fleksibel bruk
Andre mindre køyrety iht. behov. Døme på dette er: kommando- og stasjonsbilar.		
Anna viktig beredskapsmateriell		
Moderne utstyrt for sløkking av brann, og anna relevant redningsutstyr for aktuelt oppdrag		

Personleg verneutstyr

Alt personell i ØBR skal ha nødvendig personleg verneutstyr for den aktuelle oppgåve. Tilsette skal vere fortruleg med bruken av utstyret. Personell plikter å nytte personleg verneutstyr. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar at slikt utstyr er tilgjengeleg og av tilfredsstillande kvalitet.

Ved innsats i røyk- og farleg gassfylt atmosfære skal det nyttast andedrettsvern med overtrykk. For denne typen arbeid skal det berre nyttast personell med særskilt utdanning på området.

6.5.6 Drift og vedlikehald

Øygarden brann og redning har mange kjøretøy og mykje beredskapsmateriell, og tre stasjonar som krev ettersyn og vedlikehald. Beredskapsavdelinga må vere høveleg organisert og bemanna for å sikre tilsyn og kontroll med alt beredskapsmateriell, herunder også kjøretøy. I Skogsskiftet brannstasjon vert hovudvaskeri etablert og ein person i deltidstilling er materitalkoordinator ved stasjonen. Han/ho rapporterar til materialforvaltaren.

6.5.7 Kompetanse og øving

Personell ved beredskapsstyrken skal tilfredsstillast krav til faglege kvalifikasjonar i brann- og redningsvesensforskriften. Alle nyttilsette brannkonstablar skal, som hovudregel, i tillegg til internopplæring, gjennomføre Noregs Brannskoles nettbaserte kurs, grunnkurs, samt røykdykkarkurs i løpet av dei første to åra dei er tilsett. Skal ein person også vere sjåfør av utrykkingskjøretøy, er det krav om kompetansebevis (kode 160). Alle nyttilsette mannskap skal inneha, eller ta for eigen rekning, klasse C.



Munter gjeng frå ØBR på kurs

Alt personell skal øvast jamleg. Alle skal gjennomgå brann- og redningsøvingar kvart år i høve til Øygarden brann og redning sitt øvingsopplegg. Personell med befalsfunksjon skal i tillegg ha eige opplærings- og øvingsprogram (gjeld utrykkingsleiarar og vakthavande brannsjefar).

6.5.8 Akutt forureining/uhell med farleg gods

Det er kommunen som er lokal akuttforureiningsmynde og har ansvar for at det er ein beredskap lokalt for å takle mindre utslepp og forureining på land og sjø/vassdrag. Øygarden brann og redning er, i ein akutfase, utøvande aksjonsstyrke på vegne av kommunen. Brann- og redningstenesta skal ha personell og utstyr til å handtere mindre hendingar med akutt forureining og uhell med farleg gods. Brann- og redningstenesta skal ha personell som har opplæring og bruk av kjemikaliedraktar på nivå 1 («splashsuite»). Ved hendingar av større omfang skal ressursar via Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA) koplast inn. Store utslepp i vår region, som er av nasjonal karakter, skal handterast av Kystverket.

6.5.9 Røyk- og kjemikaliedykking

Brannkonstablar skal vere utdanna røykdykkarar. Røykdykkarane skal og ha trening i lettare kjemikalievern ved bruk av heildekkande sprutdrakter. Det er ønskjeleg at også utrykkingsleiarane har røykdykkarkompetanse.

6.5.10 Maritim beredskap og overflateredning

Det er etablert enkel maritim beredskap i nord. Båten er betjent av personell frå Dalsneset brannstasjon.

Kompetanse innan overflateredning er etablert ved alle stasjonar.

6.5.11 Brann- og redningsdistrikter og oppsett

6.5.11.1 Generelt om karta

Karta som går fram i kap. 6.5.11.2 – 6.5.11.5 viser kor langt den respektive stasjon når innanfor aktuelle krav til utrykkingstid. Utrykkingstid er tida frå eit utkall går, til første brannressurs er på staden.


■ 10 minuttar	Til tett busetnad med særleg fare for rask og omfattande brannspreiing, sjukehus/sjukeheim m.v., strøk med konsentrert og omfattande næringsdrift og liknande
■ 20 minuttar	Til tettstader
■ 30 minuttar	Til andre områder utanom tettstad. Tilrådd makstid.

6.5.11.2 Øygarden nord – Dalsneset brannstasjon


Kartet til høgre viser utrykkingstider frå eksisterande Dalsneset brannstasjon. Det er starta ein moglegheitsstudiet for brannstasjonsløyising nord. Bygget er for lite (har ikkje plass til alle bilane som er knytt til stasjonen), manglar funksjonaliteter og får uheldig lokasjon i forhold til produksjonsanlegg for hydrogen. Det skal avklarast alternative løysingar innan utgangen av 2024.

■ 10 minuttar	■ 20 minuttar	■ 30 minuttar
--	---	---

Ved etablering av ein dagkasernert beredskapsstyrke, lokalisert primært til Kollsnes prosessanlegg, vil utrykkingstida reduserast innanfor aktuell avtalt arbeidstid. Sidan denne styrken også vil ha arbeid innanfor Equinor sitt anlegg på Sture, er det ikkje laga nytt kart som viser utrykkingstider for dagtid. Dette fordi det i større grad vil kunne variere enn om den dagkasernerte styrke var meir eller mindre fast lokalisert til ein stad.



6.5.11.3 Øygarden midt/vest – Ågotnes brannstasjon



Til venstre ser vi løysinga utan dagkasernering, mens kartet til høgre viser den dagkasernerte løysing. Dette vil seie at innanfor ordinær arbeidstid vil vi få større rekkevidde innanfor krava til 10 vs. 20 minuttar. Vi har i kartet med dagkasernert løysing




(til høgre) vald å ikkje ta med områder for 30 minuttars utrykkingstid. Her ser vi godt den klare forbetringa og auka rekkjevidde vi får med ein dagbemanna stasjon.

■ 10 minuttar ■ 20 minuttar ■ 30 minuttar

6.5.11.4 Øygarden sør – Skogskiftet brannstasjon

Kartet viser at vår stasjon i Skogskiftet har ein god strategisk plassering, med tanke på utrykking både aust og vest i denne delen av komunen. Stasjonen dekkjer alle krav til utrykkingstid både til særlege objekt (Sundheimen) og tettstader som t.d. Klokarvik og Forland. Merk at stasjonen ila 2023 vart flytta noko lengre sør enn ved sentrumsområde, men det vil i berre mindre grad endre på utrykkingstidene.




■ 10 minuttar ■ 20 minuttar ■ 30 minuttar

6.5.11.5 Øygarden midt-øst

Øygarden brann og redning har inngått eigen brann- og redningsavtale med Bergen brannvesen for eit nærare spesifisert område. Den til ei kvar tid gjeldande avtale regulerer dette.

Kartet viser utrykkingstid frå Laksevåg brannstasjon. Primærrområde er Litlesotra, Bildøy, Bjorøy og Tyssøy.



■ 10 minuttar ■ 20 minuttar

6.5.11.6 Utvikling av tettstader

I figurar og tabellar i kap. 6.3.2 og 6.3.3 ser vi at det er fleire tettstader som ligg tett oppmot kvarandre, og det er berre eit spørsmål om relativt kort tid, før dei veks saman ev. vil vere vurdert som ein tettstad. Når ein tettstad har meir enn 20 000 innbyggjarar, kjem det inn eit krav om døgnbemanna stasjon. Når Knarrevik/Kolltveit-tettstad veks saman med andre tettstader sentralt i kommunen m.a. Ågotnes (som også dekkjer t.d. Solsvikområdet), Knappskog, Fjell, Skoge/Møvik, vil ein overskride krav til utrykkingstid på 20 minuttar. Ein sentral stasjon i Straume kystby/Bildøy vil løyse dette. Byen er under oppbygging, og det ligg også føre planar om utvikling av nordre Bildøy. Det vert tilrådd å sette i gong eit arbeid for å vurdere relevante beredskapsløysingar tilknytt kystbyen, som tek med seg utfordringane med samanveksing av tettstader.

6.6 Førebyggjande avdeling

6.6.1 Generelt om oppgåver og dimensjonering av førebyggjande arbeid

Avdelinga skal ha tilfredsstillande personellressursar og kompetanse, samt materielle ressursar, som gjer avdelinga i stand til å utføre dei arbeidsoppgåver som avdelinga er sett til.

For oppgåver ved avdelinga vert det vist til oversikt under kap 5.4.1

6.6.2 Særskilde tilhøve

Avdelinga er avhengig av samarbeid med ulike avdelingar i kommunen for å iverksette gode førebyggjande tiltak retta mot enkelte risikogrupper, som til dømes rusmisbrukare, flyktningar og eldre. Felles insats med gode samarbeidprosjekt meiner vi vil kome heile kommunen til gode.

Avdelinga får jamleg inn bekymringsmeldingar om branntryggleik frå inbyggare og andre. Dette kan vere bekymringar om eigen branntryggleik eller bekymring for branntryggleiken til andre personar, til dømes naboar. Avdelinga har ikkje alltid heimel til å iverksette konkrete tiltak overfor den bekymringa gjeld, men ofte kjem ein langt med berre med å ta kontakt for ein samtale og eventuelt eit besøk.

6.6.3 Organisering av førebyggjande avdeling

6.6.3.1 Avdelingsleiing og stabsfunksjon

Avdelingsleiaren har oppfølgingsansvar for faglege tilhøve, for personell og økonomi ved avdelinga. Han/ho rapporterer til brann- og redningssjefen.

Det er vidare ein branningeior i stab til avdelingsleiar, som skal ha kompetanse innan førebyggjande brannvern og ROS-arbeid.



6.6.3.2 Seksjon for HMS-tilsyn og opplæring

Seksjonen vert leia av seksjonsleiar, som har ansvar for å drifte seksjonen i det daglege arbeidet. Seksjonen har i tillegg til leiar, 2 branninspektørar, samt Bjørnis. Seksjonen sine oppgåver er omfattande og dekker det meste av førebyggjande arbeid med unntak av t.d. feiing- og tilsyn av eldstader. Seksjonen tilbyr brann- og førstehjelpskurs, men dette er ikkje direkte lovpålagte oppgåver, og skal kome eit tillegg.

6.6.3.3 Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Seksjonen vert leia av seksjonsleiar, som har ansvar å drifte seksjonen i det daglege arbeidet. Seksjonen driv i hovudsak med feie- og tilsynsarbeid med eldstader. Brannførebyggjarane informerer og om brannsikker fyring og andre førebyggjande tiltak når dei er på tilsyn. Seksjonen er tilstrekkeleg dimensjonert per i dag med seksjonsleiar, feiarinspektør og 4 x feiarsvein/brannførebyggjarar.

Øygarden brann og redning (ØBR) skal vere lærebedrift i brannførebyggjarfaget (tidlegare omtalt som feiarfaget), og det er viktig at det faglege nivået er høgt og at kompetansen blir vedlikehalde og oppdatert. Lærlingen inngår i Øygarden kommune sin lærlingeportefølje, og det er ØBR som skal sørgje for at lærlingen i brannførebyggjarfaget får den utdanning som er nødvendig.

6.6.4 Kompetanse, kurs og opplæring

Avdelinga skal ha kompetanse innan feiing av eldstader og tilsyn på mellom anna, eldstader, særskilte brannobjekt, anlegg med farleg stoff og lager, og utsalsstader for pyrotekniske artiklar. Vidare er det viktig med kompetanse innan førebyggjande informasjonsarbeid og inngåande kunnskap om aktuelt regelverk.

6.6.5 Køyretøy, utstyr og materiell

Avdelinga skal til ei kvar tid rå over eigna køyretøy, utstyr og materiell for å kunne utføre dei tenester som lovverk, forskrifter og interne krav føreset. Til dømes køyretøy innreda og utstyrt med nødvendig utstyr for å drive feie- og tilsynsarbeidet med eldstader, utstyr til å undervise i praktisk brannsløkking, og tilgong til båt til bruk på oppdrag i områder kor det er hensiktsmessig/nødvendig med båt for å kome til.

7.0 Finansielt opplegg

Øygarden brann og redning er ei eining i kommunalsjefområdet Organisasjon og samfunnssikkerheit i Øygarden kommune, og har eiga driftsbudsjett som er ein del av heile kommunens årlege budsjett. Investeringsbehov må fremmast fram for, og vedtakast, i kommunestyret. Døme på dette er kjøp av mannskapsbil.

Driftsbudsjett for det komande år blir utarbeidd av leiinga i ØBR og fremma vidare til kommunalsjef og kommunedirektør.

8.0 Andre samarbeidspartar

8.1 Interkommunalt utval mot forureining (IUA)

IUA Bergen-region (interkommunalt utvalg mot akutt forurensning) er oppretta i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) §§ 43 og 44 og lov av 25. september 1992 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 27. Formålet med samarbeidet er å ta i vare deltakarkommunane sin lovfesta plikt til å ha ein interkommunal beredskap mot akutt forureining.


Samarbeidet skal gje deltakarkommunane ein kostnadseffektiv beredskap mot akutt forureining. IUA Bergen-region er ikkje berre ein aksjonsorganisasjon, men skal også sikre kontinuerleg utvikling av den interkommunale beredskapen mot akutt forureining i regionen.

IUA Bergen region dekket per 31. desember 2019, 26 kommuner og ut til 4 nautiske mil utenfor grunnlina.

8.2 Sivilforsvaret

Etter lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvar blir kommunane gjeve ansvar for vedlikehald og lagring av alt beredskapsmateriell.

Sivilforsvaret er etablert med utstyr og personell på Ågotnes brannstasjon og Øygarden brann og redning har oppgåva med å sjå til beredskapsmateriell på vegne av Øygarden kommune. Av praktiske årsaker skal difor Sivilforsvaret vere samlokalisert med Øygarden brann og redning.



Det er plassert ein FIG og ein FIGP ved Ågotnes brannstasjon

- **Fredsinnsettsgrupper (FIG)** består av 24 tenestepliktige med kompetanse, materiell og oppgåver for brannsløkking, redningsteneste, førstehjelp, søk, samband, ordensteneste og måling av radioaktiv stråling.
- **Fredsinnsettsgrupper personell (FIGP)** består av 24 tenestepliktige med kompetanse og materiell til å kunne forsterke fredsinnsettsgruppene

Kjelde: www.sivilforsvaret.no

Her er døme på oppdrag der assistanse frå Sivilforsvaret er aktuelt:

- Vasslevering (pumpeutlegg med slangar av store dimensjonar)
- Defensiv og offensiv sløkkjeoppgåver (bruk av vatn, skogbrannsmekker, etablering av branngate/våte felt. Offensiv innsats under leiding av brannvernet)
- Ettersløkking og kontroll

Kjelde: Operativt konsept for Sivilforsvaret (Sivilforsvaret, 2012)

8.3 Vest brann- og redningsregion (VBR)

Vest brann- og redningsregion (VBR) er eit langsiktig fagleg samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester i 18 kommunar i Vestland fylke. Hovudhensikta med samarbeidet er å skape ein tryggare kvardag for innbyggjarane gjennom eit formelt og strukturert nettverk for deling av kunnskap og erfaring. Samarbeidet har eige styre og dagleg leiar, og tre fagutvalg; brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid og nødmeldingstenesta. Øygarden brann og redning er blant dei større aktørane i samarbeidet og har per i dag representantar i alle utval.

8.4 Equinor

Equinor er ein tung og viktig næringsaktør i Øygarden kommune. Dei rår over to nasjonalt viktige anlegg; Kollsnes og Sture. Skadepotensiale er høgt, men fleire sikringssystemer skal slå inn om farlege hendingar oppstår. Likevel må anlegga ha god beredskap; aleine og i samarbeid med Øygarden brann og redning. Det er inngått en eigen avtale med Equinor, som regluerer fleire samarbeidsoppgåver.

9.0 Brann- og redningssjefen sine tilrådingar

9.1 Innleiande kommentarar

Denne brannokumentasjonen byggjer på brannokumentasjonen som vart vedteke 14.11.2017. Førrige brannokumentasjon vart lagt fram for kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden kommunar før den vart vedteke av representantskapet for Øygarden brann og redning IKS. Då dei tre kommunane slo seg saman til ein ny kommune – Øygarden kommune, vart Øygarden brann og redning IKS endra til Øygarden brann og redning KF (ØBR) i 2020. ØBR KF vart avvikla i 2023, og nok ein omorganisering av brann- og redningstenesta vert gjennomført. ØBR er no ein eining i kommunalsjefområde Organisasjon og samfunnssikkerheit.

Øygarden kommune er ein av dei meir folkerike og tettbygde kommunane i Vestland. Brann- og redningssjefen registrerer at det har vist seg vanskeleg å få implementert tiltaka som låg inne i brannokumentasjonen frå 2017. Tiltak som var meint å løfte brann- og redningstenesta til eit nivå som skulle gjere tenesta betre rusta til å møte utfordrande oppgåver i regionen.

Tiltaka i denne reviderte brannokumentasjonen er i stor grad dei same som førrige versjon, men oppgraderte talgrunnlag og ROS er lagt inn. Brann- og redningstenesta var ein felles eining, då dei tre kommunane slo seg saman i 2020, og hadde allereie etablerte ryddige kommando- og avgjersliner.

Øygarden brann og redning må leggje fram framlegg til ny brannokumentasjon, som er basert på faglege vurderingar, sølv om tiltaka vil koste ein del. Det vert så opp til kommunestyret å godkjenne brannokumentasjon med nye tiltak, og løyve tilstrekkelege økonomiske midlar til å følgje opp.

Nye tiltak er i all hovudsak innan beredskap. Samfunnet endrar seg; med fleire innbyggjarar og fleire tettstader som også veks saman, auke i spennvidde og tal på oppgåver, endra jobbmønster (som verkar inn på rekruttering av personell for vakt på dagtid), fortetting og endring i bustadformar, m.m. Når tettstadar veks saman kan det kome nye krav til vaktberedskap. Innføring av dagkasernert beredskap på Ågotnes står høgt på vår prioriteringsliste.

Det viktigaste vi gjer er å førebyggje at noko gale skjer. For samfunnet er det mykje å spare både reint økonomisk, men i særleg grad menneskeleg. Den personlege belastninga ved brann- ogulukker er høg.

Personar innan sårbare grupper aukar og. Dette gjev utfordringar for det førebyggjande arbeidet, om å rette inn fokus mot slike grupper. Det kan vere heimebuande eldre med særlege behov, personar med utfordringar knytt til rus og psykiatri, og andre med særskilde tilrettelagde butilhøve. Eit godt samarbeid med kommunen sine tenester for slike persongrupper er viktig. Førebyggjande avdeling har peika ut viktige satsingsområder.

Satsinga på tettare samarbeid med Equinor Kollsnes/Sture, ein sentral næringsaktør og internasjonalt energiselskap, er venta å gje faglege synergieffekter for både ØBR og Equinor.

9.2 Tilrådingar

Under følg tilrådingar til nye tiltak. Tiltaka er sett opp i prioritert tidsrekkefølge.

For kostnadar vert det vist til kap. 10.

Punkt	Beredskapstiltak	Tid
1	Samarbeidsavtale med Equnor; etablere dagkasernert styrke Kollsnes	2023
2	Ågotnes brannstasjon: 4 personar i dagkasernert løysing (3 nye heiltidstilsette). Betyr oppretting av 3 dagstillingar, og omgjering av 4-personars lag, døgnvakt deltid, til fritidsvakt deltid for 4-personars lag	2025/2026
3	Tilføre 4 x 1 personar, deltid, døgnvakt, Skogsskiftet. Stasjonen vil då ha eit vaktlag på 3 personar (deltid)	2024
4	Etablere maskinell høgderedningsressurs. Føreset innføring av pkt. 2, samt godkjent investeringsplan for høgdereskap. Vaktlaget ved Ågotnes brannstasjon vert forsterka med 1 person på kvart lag (døgnvakt, deltidstilsett)	2025/2026
5	Brannokumentasjonen tek høgde for brann- og redningstenesta sine oppgåver innan eigen region. Oppgåver som vert lagt til Øygarden brann og redning, som anten kjem i tillegg i eigen region, og ikkje fell direkte inn under oppgåvene lista opp i forskrifter, eller tildelte oppgåver utover eigen region, kan utløyse behov for meir ressursar.	Må vurderast om det vert aktuelt

10.0 Implementering av tiltak med økonomisk effekt

Stasjon	Dagens vaktordning (stasjonar) per 01.03.2023.	Ny vaktordning (stasjonar)	Innføring (forslag)	Økonomisk effekt (tal i kr 1 000) ¹			
				2024	2025	2026	Akk.
Kollsnes	Ingen	4 pers. til dagkasernert løysing ^{2,3}	4. kv. 2023	0	0	0	0
Skogsskiftet	4 lag a' 2 pers. i dreiarde døgnavakt (deltid)	4 lag a' 3 pers. i dreiarde døgnavakt (deltid)	3. kv. 2024	475	475	0	950
Ågotnes	4 lag a' 4 pers. i dreiarde døgnavakt (deltid)	4 pers. i dagkasernert løysing (3 nye heiltidstilsette)	3. kv. 2025	0	1 200	1 200	2 400
Sum endring faste kostnader				475	1 675	1 200	3 350

- ¹ Den økonomiske effekten er vist ved auke i kostnader for driftsbudsjettet det aktuelle året. Dvs. at om eit tiltak blir innført midt i eit år, tar ein 50 % av kostnaden det året og så må budsjettet aukast tilsvarande det påfølgande året med den resterande halvdel. Da har en bakt inn endringa.
- ² ØBR tilsett fire, men laget består optimalt sett av fem. Den siste er tilsett hos Equinor. Laget skal normalt bestå av minst fire personar, men kan vere færre om driftstilhøve ved anlegga tillet dette, ev. ved fråvær grunna kurs/sjukdom eller liknande.
- ³ Kostnaden ØBR har med dei fire dagkasernerte ved Kollsnes, vert dekt av Equinor.

I tala ligg berre dei faste kostnadane med dei ulike vaktordningane. Utrykkingar kjem i tillegg.

Stasjon	Nye køyretøy	Erstattar	Innføring	Investeringskostnad
				2025/2026
Ågotnes	Nytt høgdereskap ¹		2025/2026	10,0 mill ²
Dalsneset	Røykdykkarbil ³	Eksisterande tilsvarande bil	2025	1,6 mill ⁵
Skogsskiftet	Røykdykkarbil ⁴	Eksisterande mindre varebil	2025	1,6 mill ⁵

- ¹ Investeringskostnaden er vist i sin heilskap. Finansieringsform er ikkje vurdert. Demobil kan vere aktuelt, og prisen kan då verte lågare.
- ² Eksl. mva.
- ³ Eksisterande bil er frå 2012
- ⁴ Eksisterande bil er frå 2015
- ⁵ Inkl. mva.

Merknadar

Deltidstilsette: Sjølv om det er ønskjeleg med ein person for heile døgnavakta, kan det vere behov for å dele vakta i ein dagdel og ein fritidsdel, for nokre av stillingane. Vi vil venteleg måtte rekne med at det vil vere fleire personar tilsett enn det teoretisk kunne ha vore. Ein døgnavakt kan altså måtte delast av to personar.

Merk at høgdereskap ligg inne under føresetnad av etablering av dagkasernert løysing ved Ågotnes brannstasjon.

Vi tek sikte på å erstatte noverande røykdykkarbil/mindre varebil ved Dalsneset/Skogsskiftet med to identiske bilar. Bilane vert m.a. nytta ved First Responder-oppdrag. Dette er ein oppdragskategori som kan utgjere meir enn 20 % av våre utkall.

11.0 Oppsummering

Denne brannokumentasjonen viser korleis Øygarden kommune tek i vare sitt ansvar etter brann- og eksplosjonsvernloven §§ 9-1. Det er gjennomført risiko- og sårbarhetsanalysar, beredskapsanalyse og førebyggjande analyse, som grunnlag for dimensjonering av brann- og redningstenesta.

Øygarden kommune er den nest største kommunen i Vestland fylke. Det er eit mangfall av næringsverksemdar. Særleg kan vi nemne Equinor sine store anlegg i nord, Pilotprosjekt for produksjon av Hydrogen, Northern Light-prosjektet med lagring av CO₂, Naturgassparken, Coast Center base på Ågotnes, komande kontainerhamn på Ågotnes for Bergensregionen, og Straume næringspark. Kommunen har lang avstand frå nord til sør, mange innbyggjarar i forhold til areal, og har ei rekkje tettstader. Tettstadane auke i omfang, og nokre vekst etter kvart i saman. Dette vil stille større krav til nivå på vaktberedskap.

Dimensjonering av Øygarden brann og redning viser eit behov for følgjande oppgraderingar:

- Etablere utvida samarbeid med Eguinor som medfører ei felles dagkasernert styrke ved Kollsnes.
- Styrking av vaktlaget ved Skogsskiftet brannstasjon ved å auke talet på personar i døgnkontinuerleg dreierende vakt (deltidstilsette) frå 2 til 3. Det er fire vaktlag, og kvart vaktlag vil då bestå av 3 personar.
- Styrking av vaktnivået ved Ågotnes brannstasjon til eit dagkasernert vaktlag på fire personar, og ei deltidstidsstyrke på fire lag a' fire vaktstillingar utanom ordinær arbeidstid. Vert auka med ein person i døgnavakt, deltid, når høgdereskap vert innført.
- Det er viktig å ha fokus på HR-arbeidet i brann- og redningstenesta. I staden for å auke bemanninga ved administrasjonsavdelinga vert det trekt ut synerigeffekter med personalressursar sentralt i Øygarden kommune, samt at den dagkasernerte styrken på Ågotnes, er tiltenkt nokre oppgåver innan internkontroll og HR for å avlaste HR- og HMS-rådgjevaren.
- For Straume kystby er det store planar for vidare utbygging. Brann- og redningssjefen rår difor til at det vert sett i gong eit arbeid for å vurdere relevante beredskapsløysingar tilknytt kystbyen, som tek med seg utfordringane med samanveksing av tettstader med andre delar av kommunen.

I utredningsarbeidet har ein og laga forslag til ein skjematisk plan for implementering av nye tiltak. Sjå kap. 10.

12.0 Saksbehandling, vedtak og endringar

12.1 Kommunestyret i Øygarden kommune

Ny brannokumentasjon for Øygarden kommune vart vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune i sak 221/23 i møte 21.12.2023

12.2 Endringar av ikkje-prinsipiell karakter

Kommunedirektøren skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande brannokumentasjon.

Kommunedirektøren kan gjere endringar, som ikkje vert vurdert å vere av prinsipiell karakter.

12.3 Endringar av prinsipiell karakter

Alle endringar av prinsipiell karakter vert lagt fram kommunestyret for avgjerd.

Bakgrunnsdokument – forarbeider (ikkje vedlagt)

A Organisasjonskart for Øygarden brann og redning

B Tabell og kart for utrykkingstid og distrikter

C Beredskapsavdelinga

C.1 risiko- og sårbarhetsanalyse

C.2 beredskapsanalyse

D Førebyggjande avdeling

D.1 risiko- og sårbarhetsanalyse

D.2 førebyggjande analyse

